VINDAFJORD KOMMUNE

VITAL OG SENTRAL



# Årsmelding 2017

# Vindafjord kommune

1. INNLEIING 3

2. ORGANISERING 4
- 2.1 Administrativ organisering 4
- 2.2 Politisk organisering 5
- 2.3 Oversikt over politiske saker og møte 5
- 2.4 Overordna planverk 8
- 2.5 Kommuneøkonomi— Resultat 2017 9

3. VISJON, MÅL OG STRATEGIAR 15
- 3.1 Visjon og overordna mål 15
- 3.2 Overordna mål 15
- 3.3 Resultatmål 17
- 3.4 Strategiområde 17
- 3.4.1 Økonomi og styring 17
- 3.4.2 Brukarar og tenestekvalitet 18
- 3.4.3 Samfunnsutvikling og miljø 19
- 3.4.4 Medarbeidarskap og arbeidsmiljø 23

4. INVESTERINGAR 25

5. DRIFT OG NYE TILTAK INNAN RAMMEOMRÅDA 26

**5.1 Rammeområde administrasjon og fellesdrift 26**
- 5.1.1 Resultat rammeområde 26
- 5.1.2 Politisk styring 27
- 5.1.3 Administrasjon og fellesdrift 27
- 5.1.4 Kyrkja 28

**5.2 Rammeområde oppvekst og kultur 28**
- 5.2.1 Resultat rammeområde 28
- 5.2.2 Barnehage 30
- 5.2.3 Grunnskule 32
- 5.2.4 Skulefritidsordninga 33
- 5.2.5 Vaksenopplæringa 35
- 5.2.6 PPT 35
- 5.2.7 Kultur 36
- 5.2.8 SLT—Samordning av Lokale kriminalitetsførebyggande Tiltak 38

**5.3 Rammeområde Helse og omsorg 39**
- 5.3.1 Resultat rammeområde 39
- 5.3.2 Pleie og omsorgstenester 40
- 5.3.3 Tilrettelagde tenester 43
- 5.3.4 Helse– og psykitatritenester 44
- 5.3.5 Barneverntenesta 48
- 5.3.6 NAV - kommunal del 50

**5.4 Rammeområde forvaltning, drift og utvikling 52**
- 5.4.1 Resultat rammeområde 52
- 5.4.2 Areal og forvaltning 52
- 5.4.3 Kommunaltekniske tenester 54
- 5.4.4 Reinhald 58
- 5.4.5 Brann og Redning 59

6. VEDLEGG 62
- Finansielle nøkkeltal 62
- Samla oversikt over investeringar 64

Bilete framside : Opning av «Gnisten» - nytt aktivitetshus

Bilete andre omslagsside: Demokrati er viktig sjølv om ein er 104 år. Kristine Mæland avgir stemme ved Stortingsvalet 2017-.

# 1. Innleiing

## 1. INNLEIING

Etter 3 år med svake økonomiske resultat, er det positivt at pila peikar oppover igjen. Netto driftsresultat er på høgde med dei «gode åra» frå 2009 til 2013. Det meste av dette skuldast riktig nok forhold me ikkje rår over som ekstraordinære skatteinntekter knytt til enkelthendingar i næringslivet og endringar i bedriftsbeskatninga. Men det er og grunn til å trekka fram god økonomisk drift i einingane hausten 2017, som snudde det som såg ut til å bli raude tal innan tenestene til eit forbruk på 99,4 % av budsjett.

I dette bilde er det og viktig å trekka fram at det har vore eit krevjande driftsår for fleire av tenesteområda. Innan rammeområde helse og omsorg har særleg pleie og omsorg hatt store utfordringar med sjukdomsutbrot på Ølen omsorgssenter og særs krevjande enkeltsaker. Dette har kravd mykje av dei tilsette. Vidare har kommunaltekniske tenester hatt  eit høgt press med store forventningar og knappe driftsrammer og eit særs høgt investeringsprogram. Mange av dei store investeringsprosjekta som har vore planlagt over tid vart sett i gong i 2017 og vert sluttført i 2018.

Det er ei positiv utvikling i oppvekstsektoren, der ein ser gode resultat med nedgang i bruk av spesialundervisning. Dette skuldast målretta jobbing over tid. Det tverrfaglege arbeidet  er styrka gjennom året. Det er og skulehelsetenesta. Samla sett har ein betre teneste til barn og unge i kommunen, enn tidlegare.

Folketilveksten har stagnert dei siste åra og i 2017 hadde kommunen negativ vekst  for første gong på mange år (-0,4%). Dette er særs uheldig og har samanheng med vanskelege tider for delar av næringslivet. Det er no teikn på vekst i næringslivet framover og såleis grunn til forsiktig optimisme. Det vert viktig  å legga til rette for positiv folkevekst framover  med å planlegga attraktive buområde og  positiv omdømmebygging. Ny kommuneplan vart vedteken våren 2017 og vert eit viktig verktøy i så måte.

Vidare har kommunen gode resultat frå samarbeid mellom kommune, næringsliv og frivillig sektor over tid. Det er viktig å ta vare på og utvikla dette samarbeidet, slik at kommunen framleis er ein Vital og Sentral kommune på indre Haugalandet - til beste for innbyggarane.

Ølen, 05.04.2018
Kristian Birkeland
Rådmann



# 2.Organisering

## 2.1 ADMINISTRATIV ORGANISERING

### Lokalisering

Dei ulike tenesteeiningar i kommunen er spreidde i dei ulike bygdene og på mange hus. Kommunen har eit desentralisert skule- og barnehagetilbod, med lokal skule i 9 grender. Kommunale administrasjonsbygg er det i Ølen og Sandeid.  I februar 2016 tok ein i bruk nytt tilbygg til rådhuset i Ølen «Familiens hus». Tenester som tidlegare har vore lokalisert i andre bygg som barnevern, NAV og PPT flytta inn her. Kommunen fekk og kommunestyresal her.

### Organisasjonsstruktur

Rådmannen, tre kommunalsjefar, økonomisjef og personalsjef utgjer kommunen si strategiske leiargruppe. Den eine kommunalsjefen har utvida rolle som samfunnsutviklar med særleg ansvar for kommuneutvikling og samhandling med næringsliv, grendelag og andre aktørar. Administrativt er kommuneorganisasjonen to-delt ved at dei ulike einingar er direkte underlagt rådmannsnivået. Organisasjonen har ein felles stab med overordna fellesoppgåver som økonomi, personal, ikt, servicetorg, arkiv og post.

Det er etablert interkommunalt samarbeid innan fleire tenesteområde. Dei fleste i lag med Etne kommune. Vindafjord er vertskommune innanfor følgjande tenester; Legevakt, Barnevern, Pedagogisk Psykologisk Teneste og Brannvern.

Organisasjonskart pr. desember 2017



## 2.2 POLITISK ORGANISERING

**Politisk organisering 2015—2019**




Tabellane nedanfor syner partirepresentasjon i dei ulike utvala. (Talet på kvinner i parantes).

**2015—2019**

| UTVAL | Ap | Sp | Krf | H | Frp | BB | SV | V | SUM | Prosent kvinner |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kommunestyret | 3 (1) | 10 (5) | 3 (1) | 3 (1) | 2 (1) | 1 (0) | 1 (0) | 2 (0) | 25 (9) | 36,0 |
| Formannskapet | 1 (0) | 4 (2) | 1 (0) | 1 (0) | 1 (1) | 0 (0) | 0 (0) | 1 (0) | 9 (3) | 33,3 |
| Utval for oppvekst og omsorg | 1 (1) | 3 (2) | 1 (0) | 1 (0) | 0 (0) | 0 (0) | 1 (1) | 0 (0) | 7 (4) | 57,1 |
| Utval for drift, utvikling og kultur | 1 (0) | 2 (1) | 1 (1) | 1 (1) | 0 (0) | 1 (0) | 0 (0) | 1 (0) | 7 (3) | 42,9 |
| Kontrollutvalet | 2 (1) | 1 (0) | 0 (0) | 1 (1) | 0 (0) | 1 (0) | 0 (0) | 0 (0) | 5 (2) | 40,0 |

BB = Bjoa Bygdeliste

## 2.3 OVERSIKT OVER POLITISKE SAKER OG MØTER

**HANDSAMA SAKER I 2017**

**Kommunestyret (KS) - 7 møte**
**Formannskapet (FS) - 10 møte**

**Utval for oppvekst og omsorg (OPOM) - 7 møte**
**Utval for drift, utvikling og kultur (DUK) - 8 møte**

| | KS | FS | OPOM | DUK |
|---|---|---|---|---|
| Sakstypar | Tal saker | Tal saker | Tal saker | Tal saker |
| Faste saker | 28 | 37 | 21 | 23 |
| Kommuneplanar, kommunedelplanar | 3 | 4 | | 2 |
| Reguleringsplanar | 8 | 20 | | |
| Andre plansaker/klagesaker | 3 | 8 | | 7 |
| Kontrollutvalssaker | 2 | | | |
| Økonomisaker og andre styringsdokument | 14 | 19 | 9 | 9 |
| Næringssaker | 0 | 0 | | 3 |
| Interkommunalt samarbeid | 8 | 9 | 2 | 1 |
| Kommunalteknisk/brann | 3 | 3 | | 10 |

Vital og sentral

| | KS | FS | OPOM | DUK |
|---|---|---|---|---|
| Skule/SFO | 1 | | 1 | |
| Barnehage | 1 | 1 | 1 | |
| Kultur | 2 | 3 | 1 | 7 |
| Flyktningesaker | | | 1 | |
| Helse og omsorg | 4 | 2 | 6 | |
| Tilrettelagde tenester | | | 1 | |
| Sals- og skjenkesaker | | | 10 | |
| Valsaker | 4 | | | |
| Uttalar/høyringar | 3 | 3 | 0 | 3 |
| Administrasjon og organisasjon | 4 | 6 | 1 | |
| SUM | 89 | 115 | 54 | 65 |

## Rådet for eldre og funksjonshemma – Utdrag frå årsmeldinga 2017

Rådet si samansetjing fram til og med 31.10.17:

| Medlemmer: | | Varamedlemmer: |
|---|---|---|
| Kjartan Moe Hustvedt leiar | | Svein Sæle |
| Olav Eikeland | nestleiar | |
| Ingrid Marvik | | 1. Olav Vagle |
| Erna Vanwulpen | | 2. Margrethe Veim |
| Tore Haaland | | |
| Marianne Krog Lie | | 1. Sølvi Eide Lunde |
| Monrad Berge | | 2. Gøril Frette |

På grunn av at leiar Kjartan Moe Hustvedt flytta frå kommunen foretok kommunestyret suppleringsval.

Rådet fekk etter dette slik samansetjing frå 01.11.17:

| Medlemmer: | | Varamedlemmer: |
|---|---|---|
| Olav Eikeland | leiar | Wenche Sandbekken Lilleland |
| Svein Sæle | | |
| Ingrid Marvik | | 1. Olav Vagle |
| Erna Vanwulpen | | 2. Margrethe Veim |
| Tore Haaland | nestleiar | |
| Marianne Krog Lie | | 1. Sølvi Eide Lunde |
| Monrad Berge | | 2. Gøril Frette |

Rådet har hatt 6 møte og har handsama 20 saker pluss orienterings- og referatsaker.
Oversikt over dei viktigaste sakene er å finna nedst i årsmeldinga.

Representasjon

Tidlegare leiar har deltatt på dialogmøte «Leve hele livet» arrangert i Stavanger av Helse- og omsorgsdepartementet. Nåverande nestleiar har deltatt på samling i Samarbeidsforumet for funksjonshemmedes organisasjoner Sørvest (SAFO Sørvest) i Tysvær. Nåverande leiar har deltatt på konferanse for kommunale eldreråd i Stavanger arrangert av fylkes-eldrerådet.
Tidlegare leiar var rådet sin representant i Den kulturelle spaserstokken. Ingrid Marvik er varamedlem. Det er ikkje vald ny representant etter tidlegare leiar.

Arrangement

Rådet har vore arrangør av tilbodet om bading for eldre og funksjonshemma i bassenget ved Ølen skule både vår og haust. Tilbodet vert organisert av symjegruppa i Ølen idrettslag. Frammøte har tatt seg opp utover hausten.

Rådet markerte den internasjonale eldredagen med eldrefest på Kyrkjetunet måndag 02.10.17. Frammøte var noko mindre enn tidlegare år. I tillegg vart det for første gong arrangert ein eigen fest for funksjonshemma. Festen vart arrangert ved Gnisten tysdag 17.10.17 med svært gode tilbakemeldingar. Bakgrunnen for at det vart arrangert både ein eldrefest og ein fest for funksjonshemma var vedtak i rådet om å arrangera eigne festar for desse gruppene.

Rådet var arrangør for eit foredrag i velferdsteknologi med konsulent i Pensjonistforbundet Hans Ekornholmen. Foredraget vart halde på Kyrkjetunet torsdag 05.10.17. Rådet fekk etter søknad til Kommunal- og moderniserings-

departementet kr 60.000 i tilskot til datakurs for eldre og funksjonshemma til «kompetansetiltak for å styrke grunnleggende digitale ferdigheter». Kurset starta opp i november 2016 og vart fullført hausten 2017. Til saman 38 deltok på kurset. Kurshaldar var Mona Jacobsen.

<u>Handsama saker:</u>
- Vikedaltunet – framtidig organisering
- Oppføring av bufellesskap for funksjonshemma
- Kommunal forskrift om rett til opphald i sjukeheim m.m.
- Rådet for eldre og funksjonshemma – Årsmelding for 2016
- Årsmelding for kommunen for 2016
- Årsrekneskap for kommunen for 2016
- Vurdering av flytting av middagsmåltidet ved Ølen omsorgssenter og Vindafjordtunet
- Fest for funksjonshemma - Planlegging
- Eldredag/eldrefest – Planlegging
- Tertialrapport pr. 30. april 2017
- Velferdsteknologi – Oppnemning av brukarrepresentant i prosjektgruppe
- Evaluering og etablering av kommunale øyeblikkeleg hjelp plassar for kommunane Etne og Vindafjord
- Taksthefte 2018
- Budsjett 2018 og Økonomiplan 2018-2021

## Kontrollutvalet – Utdrag frå årsmeldinga 2017

Kontrollutvalet si samansetjing:

| Medlemmer: | Varamedlemmer: |
|---|---|
| Nils Terje Oma (Ap), leiar | 1. Anne Tone Salte Andersen (H) |
| Johannes Vestbø (Sp), nestleiar | 2. Oddvar Haugland (Krf) |
| Marit Aga Hustvedt (Ap) | 3. Anja Mballow (Sp) |
| Gunn Haraldseid (H) | 4. Margrethe Veim (Frp) |
| Kristian Haraldson Resset (BBL) | 5. Arnfinn Øverland (Ap) |

Johannes Vestbø er fast medlem av kommunestyret og Kristian Haraldson Resset er varamedlem. Leiar og nestleiar har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Kontrollutvalet har hatt 4 møte fordelt på to møte i halvåret. Møta er opne i tråd med kontrollutvalet sitt reglement og lovendring frå 01.07.13. Kontrollutvalet har handsama 21 saker. Av desse vart 5 saker sendt til kommunestyret. 34 saker har blitt lagt fram til orientering.

Nils Terje Oma deltok på NKRF sin kontrollutvalskonferanse på Gardermoen. Kristian Haraldson Resset deltok på fag-konferansen i regi av FKT i Tromsø. Nils Terje Oma og Gunn Haraldseid deltok på haustkonferansen til Forum for kontrollutval i Rogaland i Sandnes.

Handsama saker gjennom året (bortsett frå referat- og orienteringssaker):
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «Barnevernet»
- Orientering om vedtatt budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020
- Årsmelding for kontrollutvalet 2016
- Vindafjord kommune – Uttale til rekneskapen for 2016
- Revisor si eigenerklæring for 2017
- Forvaltningsrevisjonsrapport – «Samhandlingsreforma»
- Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt
- Utvalet sitt framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn 2018
- Oppfølging av merknader til revisjonsrapport – Årsrekneskapen 2016
- Orientering om framlegget til budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021
- Tinging av nytt revisjonsprosjekt – «IKT og informasjonstryggleik»
- Revisjonsplan for rekneskapsåret 2017
- Møteplan for 2018

Oppsummering:
Aktiviteten i 2017 har vore som planlagt. Utvalet har følgt opp ein tidlegare revisjonsrapport om «Barnevernet» og handsama ein ny rapport om «Samhandlingsreforma». Det er bestilt ein ny rapport om «IKT og informasjonstryggleik» i samarbeid med Etne, for levering i 2018. Rådmannen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om under-vegs gjennom året.

## 2.4 OVERORDNA PLANVERK

### Kommunal planstrategi

I desember 2016 godkjende kommunestyret framlegg til Planstrategi for 2016-20. Om kravet til utarbeiding av plan-strategi står det følgjande:

*"Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden."*

Følgjande planprosessar er vedtekne i planstrategien:

| PLANBEHOV / UTGREIINGSARBEID | ANSVAR | STATUS | PRIORITERING/PROSESS | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
| Kommuneplanen - samfunnsdelen og arealdelen 2017-2028 | Rådmann / Areal | Under arbeid | → | sluttført | | |
| Revisjon av kommuneplanen 2020-2032 | Rådmann / Areal | Revisjon | | oppstart planprog ram | → | → |
| Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø | Kultur | Under arbeid | → | sluttført | | |
| Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturbygg | Kultur | Revisjon | | | | oppstart |
| Plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i Vindafjord kommune | Rådmann | Revisjon | → | sluttført | | |
| Plan for pedagogikk og strategi for skulane i Vindafjord kommune | Oppvekst | revisjon | | | | oppstart |
| Plan for pedagogikk og strategi for barnehagane i Vindafjord kommune | Oppvekst | Ny | oppstart | sluttført | | |
| Helse- og omsorgsplan | H/O | Revisjon | | | | oppstart |
| Arbeidsgjevarstrategi | Personal | Under arbeid | oppstart | Sluttført | | |
| Bustadsosial handlingsplan | H/O | Revisjon | | oppstart | Sluttført | |

<u>Kommuneplanen – samfunnsdelen 2017 - 2028</u>

Ny kommuneplan vart vedteken i kommunestyret. (Tidlegare kommuneplan var frå 2006). Planperioden er 2007 til 2018. Kommuneplanen tek føre seg kommunen si rolle som tenesteprodusent, forvaltar og samfunnsutviklar. Planen er delt inn i 3 satsingsområde:

- Levande bygder
- Handlekraftig kommune
- Berekraftig arealplanlegging

Det er til saman 17 delmål i planen og 117 strategiar som er grunnlag for mål og strategiar i økonomiplanen.

<u>Kommuneplanen – arealdelen 2017 - 2028</u>

Kommuneplanen sin arealdel vart godkjent 20.06.17. (Tidlegare plan var frå 2011.) Arealdelen består av ein kartdel som viser disponering av kommunen sine areal med føresegner og retningsliner, og ein utfyllande tekstdel (planskildringa) med konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse. Kommuneplanen dannar grunnlag for all arealdisponering i kommunen.

<u>Kommunedelplan for kulturminne og miljø</u>
Planen kjem til politisk handsaming i mai 2018.

<u>Plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap</u>
Planen med handlingsprogram vart vedteken av kommunestyret i januar 2017.

<u>Plan for pedagogikk og strategi for barnehagane i Vindafjord</u>
Det blei vedteke at denne skulle bli slått saman med «Plan for pedagogikk og strategi for skulane i Vindafjord» og bli til ein felles plan for barnehage og skule, *«Pedagogikk og strategi i Vindafjordskulen, felles mål og verdiar i barneha-ge og skule 2016 – 2020»*.

Den var på høyring, og i OPOM som referatsak. Planen blei vedtatt av kommunalsjef i november 2015.

<u>Arbeidsgjevarstrategi</u>
Arbeidsgjevarstrategi for Vindafjord kommine vart vedteke i kommunestyret 25.05 2017.

## 2.5 KOMMUNEØKONOMI – RESULTAT 2017

Rekneskapsanalysen skal gi uttrykk for korleis kommunen si økonomiske stode er på balansedagen, og korleis denne har utvikla seg gjennom året. Ein kan også samanlikna med tidlegare år for å sjå utviklinga over tid. Som referanse kan ein nytta andre kommunar eller kommunegrupper. I denne analysen har me valt å samanlikna kommunen med KOSTRA gruppe 11, Rogalandskommunane og landet utanom Oslo.

Alle kommunane i landet er delt inn i KOSTRA grupper, basert på kriterium som gjer at dei har ein del fellestrekk. Vindafjord kommune er i gruppe 11, og det er difor naturleg å bruka denne gruppa som referanse i KOSTRA samanheng.

Rekneskapsanalysen skal vera med å danna grunnlag for det vidare økonomiske planleggingsarbeidet. Når det gjeld Kostra-tal, har me valt ut ein del sentrale statistikkar. På www.ssb.no/kostra finst det eit utal statistikkar som også kan nyttast til dette formålet. KOSTRA-tala i denne analysen er henta frå SSB si første ureviderte publisering, datert 15. mars 2018. Endelege reviderte tal blir publisert 15. juni 2018 og kan innehalda avvik i høve til det.

**Økonomisk resultat**

Det rekneskapsmessige resultatet er gjort opp med eit mindreforbruk på kr 20 213 113,62. Resultatet er vesentleg betre enn det som var varsla i 2. tertialrapport.

Netto driftsresultat er på kr 49 675 794,82. I prosent av driftsinntektene utgjer det 6,55%. Rettleiande nivå er på 1,75%. Netto driftsresultat viser kor stor del av dei løpande inntektene som går med til å dekka dei løpande utgiftene. Eit positivt netto driftsresultat viser at det er økonomi til å delfinansiera investeringar.

Spesielt for 2017 er at det har vore uvanleg høg skatteinngang. Fleire faktorar utanfor kommunen sin kontroll har bidratt til dette. Endra skattereglar for utbytte forklarar ein del av meirinntektene. Både januar og november/desember hadde vesentleg høgare skatteinntekter enn budsjettert. Noko av dette blir utjamna gjennom inntektssystemet, men kommunen sit likevel igjen med ei netto meirinntekt. Dette påverkar netto driftsresultat. Meirinntektene i starten av året blei justert inn i 1. tertialrapport. Meirinntektene mot slutten av året vil naturleg nok bli handsama i rekneskapsavslutninga for 2017.

Historisk ser ein at netto driftsresultat ved rekneskapsslutt samsvarar med budsjett i «normale» driftsår. Dette har vore tilfelle i perioden 2014-2016. I åra før dette, frå om lag 2008, var avvika store. Dette skuldast dei gode tidene i oljeindustrien spesielt, med positive utslag for lokalt næringsliv, og høge skatteinntekter for kommunen. Det blei ikkje i tilstrekkeleg grad fanga opp i budsjetteringa, fordi det var av ekstraordinær karakter. I 2017 ser ein noko av det same.




Dette er ei utfordring i høve til netto driftsresultat som måltal, men også i høve til økonomisk kontroll på inntektssida. Det totale resultatet innan rammeområda, viser eit avvik frå budsjett på kr 2 944 607 i mindreforbruk. Dette tilsvarar 0,57% og er godt innafor det ein aksepterer som avvik. Det er avvik innafor dei ulike rammeområda, og nokre stader er desse til dels store. Hovudsakleg finn ein dette innan rammeområde for helse og omsorg. Dei tre-fire siste åra har det vore eit meirforbruk innan Helse og sosialomsorg, medan Oppvekst og kultur har hatt mindreforbruk. Ein stor del av mindreforbruket skuldast lågare utgifter til skuleskyss og tilskotsmidlar til lag og organisasjonar. Meirforbruket er knytta til pleie og omsorg, barnevern og legevakt. Ein har forsøkt å ta omsyn til dette i budsjetteringa, og ser at avviket mot budsjett er betre enn 2016. Drifta innan dei ulike rammeområda er nærare omtalt under hovudkapitel 5.




Den overordna finansieringa av drifta har samla gitt vesentleg høgare inntekter enn budsjettert. Totalt utgjer dette kr 17 268 506,71 i avvik til fordeling. Hovudårsaka er høge skatteinntekter og avkastning på plassering av midlar i finansielle papir. Meir-inntekt knytt til frie inntekter (skatt og rammetilskot) er om lag 12 mill kroner. Bokført avkastning på bankinnskot og finansielle plasseringar er om lag 5 mill kroner høgare enn budsjettert.

**Økonomisk styring**

Ein vurderer at den økonomiske styringa er god. I tillegg til tertialrapportering til politisk nivå to gonger i året, rapporterer alle einingar internt til Rådmannen minimum annakvar månad. Einingar med særskilte utfordringar blir følgt opp på månadleg basis. Dei fleste einingane har resultat i samsvar med budsjett, medan nokre einingar har relativt store avvik. Desse blir følgt særskilt opp. Ei utfordring for kommunal drift er at tenestebehovet fort kan endra seg innan enkelte tenesteområde. Dette gjeld særleg ein-til-ein tenester, gjerne i kombinasjon med rettar heimla i lov eller forskrift.

På den overordna inntektssida er det ei utfordring å budsjettera med eit rettast mogeleg nivå på rammeoverføringane. Kommunen baserer seg på tal gitt av sentrale styresmakter. Det er til ein viss grad rom for at kommunen kan gjera andre vurderingar, men då må argumenta vera gode. Ein kan t.d. leggja inn andre føresetnader for lokal skatteinngang. Dette fordrar at ein har føresetnader for å kunna vurdera lokale tilhøve opp mot nasjonale, og gi eit kvalifisert anslag på korleis dette ville slå ut i kommunen sine budsjett. Så langt har ein vurdert at det statlege apparatet har meir kompetanse på dette enn det me har lokalt. Dei fleste kommunar gjer same vurdering.

**Inntekter og utgifter**

Vindafjord kommune sine samla driftsinntekter var i 2017 på kr 758 946 939,65. Dette er om lag 59 mill. kr høgare enn året før. Veksten skuldast hovudsakleg at det er lagt inn vekstfaktor i inntektssystemet til dekning av løns- og prisvekst. I tillegg har skatteinntektene vore vesentleg høgare enn budsjettert. Andre faktorar er auke i tilskotsmidlar til ulike prosjekt, kommunale avgifter og gebyrinntekter, og nav-refusjonar.

I figuren under ser ein fordelinga av kommune sine inntekter. Overføringane frå staten, i form av rammetilskot og skatteinntekter, utgjer hovuddelen av inntektene (om lag 70%). Overføringar med krav til motyting, som t.d. statstilskot og refusjonar utgjer om lag 15%, medan andre sals- og leigeinntekter utgjer 6%. Inntekter frå eigedomsskatt utgjer om lag 3%, brukarbetalingar 3% og andre statlege og fylkeskommunale overføringar 3%.

I høve til 2016, er det lite endring i samansetninga av dei ulike inntektsgruppene. Unntaket er samansetninga av dei frie inntektene, der skatteinntektene er 6 %-poeng høgare medan rammetilskotet er 7 %-poeng lågare enn 2016. Dette er eit resultat av inntektssystemet, der meirinntekter på skatt medfører trekk i rammetilskot. Samla skatt og ramme-tilskot er 1%-poeng lågare enn 2016. Det samle gjeld brukarbetalingar og eigedomsskatt. Overføringar med krav til motyting er 1%-poeng høgare.

Som ein del av økonomistyringa, er det viktig å sjå på kommunen sitt inntektspotensiale. Sjølv om ein har avgrensa påverknad i høve til storparten av inntektene, er det eit handlingsrom i høve til å kunna auka inntektene på enkelte område.




På utgiftsida er dei kommunale driftsutgiftene i 2017 på kr 717 952 085,37, ein auke på 13 mill. kr i høve til året før. Samanhalde med driftsinntektene gir dette eit positivt brutto driftsresultat på kr 40 994 854,28 eller 5,4%.

Hovuddelen av kommunen sine driftsutgifter er relatert til løn og sosiale utgifter. Dette utgjer til saman om lag 70% av utgiftene. Dei øvrige utgiftene er knytt til kjøp av varer og tenester (21%), overføringar som t.d. tilskot (6%), og avskrivingar 3%. I høve til 2016 er det ein auke i andelen lønsutgifter med 1 %-poeng, medan det er ein nedgang i overføringar med 1 %-poeng.




**Netto driftsresultat pr. rammeområde**

Figuren neste side viser netto driftsutgifter pr. rammeområde dei tre siste åra. Det går mest ressursar til dei to store rammeområda Oppvekst og kultur og Helse og omsorg, med høvesvis 202 mill kr (39,2%) og 220 mill kr (42,8%) i 2017. Dei to øvrige rammeområda, Administrasjon og fellesdrift og Forvaltning, drift og utvikling, står for høvesvis 48 mill kr (9,3%) og 45 mill kr (8,7%). Det er ein auke innafor Helse og omsorg, medan dei øvrige områda er relativt stabile.




**Gjeld og eigenkapital**

Figuren viser fordelinga mellom gjeld og eigenkapital i kommunen. Storparten av «kaka» er pensjonsforpliktingar, som utgjer 46%. Dette er 2%-poeng lågare enn året før. Lånedelen utgjer 24%, ein nedgang på 1%-poeng frå året før. Den kortsiktige gjelda utgjer 6% som i fjor.

Eigenkapitalen utgjer 14% som er 2 %-poeng høgare enn i fjor. Fondsdelen er auka med 1 %-poeng til 10%. Samansetninga av gjeld og eigenkapital er relativt lik målt mot fjoråret.




Den langsiktige gjelda målt i prosent av brutto driftsinntekter viser ein reduksjon frå 187,6 til 178,4 prosent for Vindafjord kommune. Kommunegruppe 11 og Landet utan Oslo har også hatt ein svak nedgang, medan Rogaland har hatt ein svak auke. Ser ein på langsiktig gjeld utan pensjonsforpliktingane, ser ein at tala er relativt stabile, med unntak av Vindafjord som har hatt nedgang på 5,5 %-poeng. Tala for Kommunegruppe 11 og Landet utan Oslo viser ein svak nedgang, medan Rogaland aukar svakt. I høve til både Kostragruppe 11, Rogaland og Landet utan Oslo, ligg Vindafjord kommune relativt lågt på dette måletalet.






*Kjelde: [www.ssb.no/kostra](www.ssb.no/kostra). Ureviderte tal pr. 15. mars 2018*

Ser ein på netto långjeld, er bildet om lag likt. Netto lånegjeld viser langsiktig lånegjeld med frådrag av pensjonsforpliktingar, unytta lånemidlar og totale utlån. Det er anbefalt at dette nivået ikkje bør vera vesentleg høgare enn 60%.




Vindafjord kommune har investert mykje dei siste åra. Store driftsoverskot frå tidlegare år er avsett og blir brukt til investeringsformål. Dette medfører lågare låneopptak. Vindafjord har også relativt kort nedbetalingstid på lån. Samla bidreg dette til den svake veksten i lånegjeld.

Rente- og avdragsbelastninga dei siste 4 åra har samla sett vore relativt stabil. Avdragsutgiftene har vokse som følgje av aukande låneopptak, medan renteutgiftene har gått ned som følgje av lågare rentenivå. Avdragsutgiftene er vesentleg høgare enn renteutgiftene, noko som er positivt.

Kommunen har dei siste åra nytt godt av låge rentenivå. Det vert ført ein meir aktiv politikk i høve til å oppnå mest mogleg gunstige rentevilkår. Dette har medført hyppigare refinansieringar med kortare tidshorisont på låna. Dette medfører ein refinansieringsrisiko, men den blir vurdert til å vera relativt liten. Gjeldsforvaltninga er i tråd med vedteke finansreglement, og blir rapport til politisk nivå tre gonger pr. år.

Prognose på Norges Bank si styringsrente viser ein svak vekst frå september 2018 og gradvis oppgang til 2% i 2021. Renteauken har vore varsla nokre år, men er stadig blitt forflytta fram i tid. Det kan no sjå ut til at dette snur. Det er difor viktig å ta omsyn til at rentenivået før eller seinare vil gå opp. Ein slik auke vil måtta bli dekka innafor samla driftsrammer. Rente er ikkje del av inntektssystemet.

Rentedekningsgraden er på 8,06, ein vesentleg auke på 6,82 frå året før. Denne gir uttrykk for kor sårbart netto driftsresultat er i høve til svingningar i renteutgiftene. Talet bør vera høgast mogleg over 1.




## Konklusjon

Vindafjord kommune har i 2017 eit svært positivt økonomisk resultat. Dette er oppnådd trass i strame rammer og krevjande utfordringar. Varsla meirforbruk ved tertialrapporteringar til Kommunestyret er snudd til mindreforbruk. Dette er positivt.

Endringane i inntektssystem har bidratt til dårlegare rammevilkår for Vindafjord. Generelt er skattenivået lågare som følgje av lågare aktivitet i næringslivet, både lokalt og nasjonalt. Ekstraordinære tilhøve har gjort at skattenivået likevel har vore langt betre enn budsjettert i 2017. Normalt ligg ein rett under gjennomsnittskommunen med om lag 97-98%. i 2017 har nivået vore i snitt 115,9%. Etter utjamning er nivået 105,2%. Dette har bidratt til godt resultat og ein styrka økonomisk situasjon.

Det låge rentenivået bidreg til lågare finansutgifter enn normalt. Rentenivået har ein liten innverknad på, men det er viktig å ha eit nivå på rente og avdragsbelastning som kan handterast. Lånebelastninga i Vindafjord er lågare enn for dei me samanliknar oss med, og er eit positivt trekk ved økonomien. I 2017 har avkastninga på alternativ plassering av kapital vore god, og bidratt til positivt resultat.

Drifta innan rammeområda går med eit svakt mindreforbruk, som i praksis er balanse i høve til budsjett. Trass i store utfordringar i enkelte tenestområde, har ein greidd å tilpassa drifta for å dekka inn meirforbruk. Lojaliteten til budsjetterte rammer er framleis stor. For dei fleste einingane er avvika mellom rekneskap og budsjett relativt små. Dette er svært positivt. Dei største utfordringane i drifta er innan rammeområdet for Helse og omsorg. Tenesteområda pleie og omsorg, barnevern og legevakt har hatt størst utfordringar i så måte. Dei andre rammeområda viser balanse eller mindreforbruk, sjølv om det er variasjonar innad i desse. Særleg rammeområdet for Oppvekst og kultur har mindreforbruk. Dette skuldast hovudsakleg tenesteområda skuleskyss og kultur.

Ved politisk rapportering etter 1. tertial blei det gjort tilpasningar til endra rammevilkår. Reduserte overføringar via inntektssystemet blei hovudsakleg dekka av auka eigedomsskatt, redusert lånerente og betre avkastning på kapitalen. Ein auke i inntektene knytt til ressurskrevande tenester gjorde at ein kunne styrka t.d. pleie og omsorg, barnevern, økonomisk sosialhjelp og legevakt.

Ein har system for oppfølging av økonomien gjennom året. Dei områda som har avvik frå budsjett, er følgt opp særskilt gjennom året. Desse blir også følgt opp vidare.

I vedlegg til årsmelding følgjer desse tabellane:

- finansielle nøkkeltal

- økonomisk oversyn over drifta

- netto drift pr. eining

Vital og sentral

# 3. Visjon, mål og strategiar

## 3.1 VISJON OG OVERORDNA MÅL

”Vindafjord kommune – **VITAL OG SENTRAL**” er kommunen sitt slagord, og er godt dekkande for kommunen si overordna målsetjing som **livskraftig distriktskommune** på Indre Haugalandet. Kommunen sitt verdival er sentrert omkring omgrepa trivsel, handlekraft og levande bygder.

I ordet **VITA**L ligg evne til omstilling, prioritering og nyorientering i høve til dei utfordringar som ligg i framtida. Kommunen skal vera proaktiv i sine prioriteringar og val. I ordet vital ligg og at ein skal arbeida for å vidareutvikla levande bygder og nytta den krafta som ligg i bygdeengasjementet, til positiv utvikling for alle innbyggarane. Kommunen skal vera stadig på leit etter betre løysingar for innbyggarane og ha fokus på kvalitetsutvikling av tenestene.

Ordet **SENTRAL** femnar om kommunen si sentrale plassering og ambisjonen om å vera sentrum for Indre Haugalandet. Det er forpliktande i høve til utvikling av Ølen sentrum og å leggja til rette for næringsutvikling og vekst. Det er og ei målsetjing at kommunen er sentral i høve til kor folk ønskjer å bu og arbeida og kor bedrifter ønskjer å etablera seg. Dette krev nært samarbeid mellom kommune, frivillige lag og organisasjonar og næringslivet.

## 3.2 OVERORDNA MÅL

Følgjande overordna mål støttar opp under visjonen om å vera ein ”Vital og Sentral kommune”

- Den kommunale tenesteytinga skal vera prega av høg kvalitet og respekt for den einskilde. Tenestetilbodet skal bidra til at den einskilde opplever meistring av eigen kvardag og eige liv.
- Arbeidsmiljøet i Vindafjord kommune skal vera prega av innsatsvilje, trivsel og humor.
- Vindafjord kommune skal vera i framkant av utviklinga. Innovasjon, samhandling og endringskompetanse skal prega organisasjonen og tenesteutviklinga. I dette ligg og det å ta vare på og vidareutvikla god praksis.
- Kommunen skal gjennom strukturert samhandling med frivillig sektor bidra til eit aktivt og positivt bu- og oppvekstmiljø i alle bygdene.
- Vindafjord kommune skal ta ei sentral rolle i utviklinga av den indre delen av Haugalandet, med Ølen som eit naturleg senter.

## 3.3 RESULTATMÅL

Det er sett konkrete mål innan dei sentrale satsingsområda
- Økonomi og styring
- Brukarar og tenestekvalitet
- Samfunnsutvikling og miljø
- Medarbeidar og arbeidsmiljø

Utover dette er det sett opp andre arbeidsmål, strategiar og tiltak for 2017 og økonomiplanperioden innan dei ulike satsingsområde (Kapittel 3.3 til 3.6) og innan kvart tenesteområde (Kapittel 5)

| | Hovudmål | Indikator | Målemetode | Resultat sist måling | Mål | Resultat 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Økonomi | Sunn kommune-økonomi | Netto driftsresultat | Økonomi-system % | -0,28% | 1,75 % | 6,55% |
| | | Likviditetsgrad *(kommunen si evne til å dekke kortsiktige forpliktingar)* | Økonomi-system % | 2,52% | >1 | 2,54% |
| | | Eigenkapitalprosent *(eigenkapitalfinansiering av eigedelar)* | Økonomi-system % | 21,43% | >20% | 24,62% |
| | | Rentedekningsgrad *(følsomhet i forhold til renteendringar)* | Økonomi-system % | 1,24% | >1 | 8,06% |
| | God økonomi-styring | Avvik i forhold til budsjett – samla for drifta *(- betyr underforbruk)* | Økonomi-system % | 0,15% | 0 | 0,57% |
| | | Avvik i forhold til budsjett – nivå i den enkelte eining | Økonomi-system % | -0,57% | 0 | -0,41% |

| Målområde | Hovudmål | Indikator | Målemetode | Resultat sist måling | Mål | Resultat |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Brukarar og teneste-kvalitet | Opplevd kvalitet | Andel brukarar som uttrykkjer at dei alt i alt er nøgd med tenestene | Betre-kommune. % | 86% 1)<br>95% 2) | 90% | Sjå tab Kap. 3.4.2 |
| Skule | Gode læringsre-sultat på barne-trinnet | Les,rekn,eng (landssnitt)<br>Etter 4. trinn<br>Etter 7 trinn (<br>Haust 2015 | Nasjonale pr. «Skoleporten» Udir | 48,3<br>49 | 50 | 46,6<br>48 |
| | Gode læringsre-sultat på ungdomstrinnet | Snitt skriftleg eksamen i norsk h– og s-mål, matm,og eng.(mål lands-snitt) Vår 16 | «Skoleporten» Udir | 3,5 | 3,4 | 3,4 |
| | God trivsel | Trivsel (mål landssnitt)<br>7.trinn<br>10. trinn<br>Haust 15 | Elevunder-søkinga «skoleporten» Udir | 4,5<br>4,3 | 4,4<br>4,2 | 4,5<br>4,0- |
| | God lærar- fag-kompetanse | Lærarar skal ha god-kjent kompetanse i faga dei underviser i. | Dispensasjo-nar skule-året 16/17 | 54 | 0 | 32 |
| Barnehage | God dekning | Andel barn med rett til plass som får førsteøn-skjet sitt | Opptak | 100% | 97% | 97 |
| | God fagkompe-tanse | Pedagogiske leiarar med utdanning, i kom-munale barnehagar | Disp Søknad frå norm | 90,5 % | 100% | 80% |
| | Godt grunnlag for byrjaropplæring | Alle barn i barnehage skal ha «aktivitetar for å læra grunnleggjande omgrep» | Rapportering av gjennom-føring | Ny | 100% | 100% |
| Kultur | Tilbod til barn og unge | Andel elevar i musikk- og kulturskule i % av tal barn i alderen 6-15 år | KOSTRA | 18,7% | >20% | 21,2% |
| | Fremja leselyst | Utlån alle medier frå folkebibliotek | KOSTRA Utlån / innb. | 4,6 | > 4 | 3,1 |
| Helse-stasjon | Heimebesøk | Andel heimebesøk, nyfødde innan to veker etter heimkomst | Helsestasjon statistikk | 8 | 8 dagar | 4 dagar |
| NAV | Flest mogeleg i arbeid/ aktivitet | Gjennomsnittleg stønads-lengde sosialtenester | KOSTRA (Månader) | 4,6 | < 4 | 3,8 |
| | | Aktivitetsplikt - sosialhjelpsmottakarar under 30 år | NAV statistikk | 80% | 70% | 53% |
| | | Tal personar i kvali-fiseringsprogramet | NAV stat statistikk | 2 | 9 | 5 |



Ope møte om tomtesituasjon og tomter. Foto:Vindafjord kommune

| Målområde | Hovudmål | Indikator | Målemetode | Resultat sist måling | Mål 2017 | Resultat |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Pleie og omsorg | Utskrivingsklare pasientar | Antall døgn på sjukehus for utskrivingsklare pasientar | Betaling for utskrivingsklare | 157 932 | <200 000 | 499 176 |
| | Korttidsplassar | Gjennomsnittleg opphaldstid per plass | Målt i tal dagar | 36 | 25 | 36 |
| | Heimetenester | Bruk av kvardagsrehabilitering for at innbyggarane skal bu lengst mogeleg heime | Tal brukarar til eikvar tid | 1 | 5 | 1 |
| Barnevern | Rett hjelp til rett tid | Tal born med utarbeidd plan | Barnevern statistikk | 92,1%- | 100 % | 74% |
| | | Tal undersøkingar med handsamingstid under 3 mnd | Barnevern statistikk | 52,4% | 100% | 72% |
| | Oppfølging fosterheimar | Tal tilsynsbesøk i året (4 pr. år) | Barnevern statistikk | 86,4% | 100% | 93% |
| Areal og forvaltning | Effektiv og god saksbehandling | Gjennomsnittleg saksbehandlingstid, byggesak | KOSTRA (Dagar) | 21 | < 30 | 26 |
| | | Gjennomsnittleg saksbehandlingstid, reg.plan | KOSTRA (Dagar) | 255 | < 300 | 364 |
| Samfunn og miljø | Positiv folketalsutvikling | Netto folketilvekst | SSB - årsstatistikk | 0,3 % | > + 1% | -0,39% |
| | | | | | | |
| | | Fullføring vidaregåande skule | Statistikk frå fylke | 87,1% | 75 % | |
| | Integrering i arbeidslivet | Etter to år i introduksjons -program skal deltakarane vera kvalifisert for arbeid eller vidare skulegang | Statistikk frå IMDI | 50% | 55% | |
| | Miljø | Miljøsertifisering kommunale einingar | Tal sertifiseringar | 2 | 0 i –2017 | 0 |
| | | | | | | |
| Medarbeidarar og arbeidsmiljø | Helsefremjande arbeidsplass | Sjukefråvær | Lønssystem % | 6,2% | < 6 % | 7,5 % |
| | Leiar-, medarbeidar– og organisasjonsutvikling | Meistringsorientert leiing | 10Faktor | 3,8 (2016) | 4,0 i 2019 | |
| | | Meistringsklima | 10Faktor | 4,0 (2016) | 4,1 i 2019 | |

## 3.4 STRATEGIOMRÅDE

### 3.4.1 ØKONOMI OG STYRING

*Eigedomskatt for verk og bruk – retaksering*
Det er 10 år sidan førre hovedtaksering av eigedomsskatteordninga i Vindafjord. Det er fleire alternative løysingar for handtering av dette vidare, som t.d. retaksering eller kontormessig justering. Saka vart behandla av kommunestyret i desember.

*Kostra-analyse*
Det vart utarbeidd kostraanalyse i samband med årsmeldinga for 2017. Kommunen har og deltatt i eit prosjekt i regi av Agenda utvikling for å sjå på kommunen sin ressursbruk til leiing og stab/støtte, samanlikna med andre kommunar. Rapporten er klar i løpet av oktober.

*Økonomiplan – kommuneplanen sitt handlingsprogram*
I samband med budsjettseminaret i juni vart det gjennomført ein prosess med tanke på å utvikla økonomiplanen til i større grad å vera kommuneplanen sin handlingsdel. Dette er vidare fylgt opp med ei orienteringssak i kommunestyret i september.

*Oppfølging av budsjett og politiske vedtak*
Det er starta eit arbeid for å gå gjennom rapporteringsrutinar når det gjeld investeringsprosjekt og drift. Det vart fremja eiga sak til kommunestyret om dette i desember.

*Leiarutvikling og innovasjonsarbeid*
Innovasjonskompetanse har vore høgt prioritert leiarutviklingstema gjennom heile året.

## Planstrategi

Det er lagt ned mykje arbeid i utarbeiding av ny planstrategi. Det vert lagt opp til færre overordna planar enn i sist periode og større vekt på økonomiplanen som kommuneplanen sin handlingsdel.

| Strategiar og tiltak i 2017 - resultatvurdering | | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| 3.4.1.1 | Utarbeida kostra-analyse for kommunal drift<br>Enkel kostraanalyse vart utarbeidd i samband med årsmeldinga for 2016 | x | | | |
| 3.4.1.2 | Vurdera retaksering av verk og bruk<br>Sak til Kommunestyret 19.12.17: eigedomsskatt - kontorjustering eller ny alminneleg taksering. Ny alminneleg taksering må skrivast ut seinast 2020. | | | | |
| 3.4.1.3 | Styrka handlingsplandelen i økonomiplanen<br>Har utarbeidd ny mal for økonomiplanen for budsjettarbeidet hausten 17 | x | x | | |
| 3.4.1.4 | Gjennomføra kompetanseoppbygging innan innovasjonsarbeid for einingsleiarane<br>Gjennomført kursserie våren 17 og «testa» ut metodikken på 4 prosjekt. Vidareføring av satsinga i 2018 | x | | | |

# 3.4 2 BRUKARAR OG TENESTEKVALITET

*Avvik og avvikshandtering*

Avvik i høve til forskrifter, reglar og interne rutinar vert registrert i kvalitetsstyringssystemet RISK. Statistikk for 2017 samanlikna med 2016:

| | HMS | | | | Eksterne klager | | | | Informasjonssikkerheit | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammeområde | 2016 Avvik | 2016 Lukka | 2017 Avvik | 2017 Lukka | 2016 Avvik | 2016 Lukka | 2017 Avvik | 2017 Lukka | 2016 Avvik | 2016 Lukka | 2017 Avvik | 2017 Lukka |
| Administrasjon | 1 | 1 | | | 0 | 0 | 0 | 0 | 3 | 3 | 1 | 1 |
| Oppvekst | 20 | 10 | 22 | 19 | 3 | 2 | 11 | 9 | 0 | 0 | 1 | 0 |
| Helse og omsorg | 49 | 34 | 110 | 71 | 2 | 0 | 3 | 2 | 6 | 4 | 3 | 1 |
| Forvaltning | 11 | 7 | 9 | 3 | 5 | 4 | 5 | 2 | 0 | 0 | 0 | 0 |

| | Brann | | | | Tenestekvalitet | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Rammeområde | 2016 Avvik | 2016 Lukka | 2017 Avvik | 2017 Lukka | 2016 Avvik | 2016 Lukka | 2017 Avvik | 2017 Lukka |
| Administrasjon | 1 | 1 | | | 5 | 5 | 2 | 2 |
| Oppvekst | 2 | 2 | 2 | 2 | 31 | 28 | 5 | 5 |
| Helse og omsorg | 7 | 5 | 11 | 10 | 172 | 126 | 111 | 66 |
| Forvaltning | 1 | 0 | 3 | 1 | 13 | 12 | 13 | 4 |

Det er totalt meldt inn 312 avvik. Av desse var 198 lukka ved årskifte. I tillegg er det kome inn 13 varslar. 4 av desse gjeld truslar og truande atferd mot kommunalt tilsette. Dei 9 andre er i realiteten avvik som gjeld feil medikament-handtering/medisinering , utløyst brannalarm, uåst ytterdør mm. 9 av desse «varslene» var lukka ved årsskifte.

*Kommunal service*
Kommunen har hatt nokre tilbakemeldingar/undersøkingar som syner manglande eller sein respons på epostar og telefonar. Det tar administrasjonen på alvor, og har starta ein prosess med analysar og moglege tiltak. Det er henta inn tilbod for ekstern bistand til forbetring. Service er også lagt inn som eige kapittel i budsjett og økonomiplan, og vil vera tema på leiarforum.

*Interkommunalt samarbeid*
Kommunen er med i ei rekkje interkommunale samarbeidsordningar som t.d. renovasjon, krisesenterdrift, innkjøps-samarbeid, sekretariat for kontrollutval, friluftsråd, vertskommunesamarbeid med Etne, mv.

I 2017 har ein særleg arbeidd med etablering av interkommunalt samarbeid om brann og redning. Selskapet blei formelt starta hausten 2017 og vil vera operativt frå sommaren 2018.

Kommunestyret vedtok samarbeidsavtale med Etne om felles skatteoppkrevjar 19.12.17. Vindafjord er vertskommune.

Kommunen har tatt initiativ til samarbeid om landbruksforvaltning utan at det har ført fram til konkrete avtalar enno.

Hausten 2017 starta ein opp diskusjon omkring IKT- samarbeid mellom kommunane på Haugalandet. Det resulterte i felles tiltak i budsjetta til dei involverte kommunane for 2018.

Kommunen har avtale med Haugesund om drift av kommunale «Øyeblikkeleg hjelp senger». Denne avtalen vart evaluert hausten 2017, og det vart fremja sak til kommunestyra i Vindafjord og Etne om å drifta desse felles i Ølen. Dette tiltaket stranda p.g.a. negativt vedtak i Etne.

*Tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats*
Dette er eit satsingsområde innan skule, barnehage og helse. Tiltaka er omtalt under dei aktuelle tenesteområda .

| Strategiar og tiltak i 2017 - resultatvurdering | | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| 3.4.2.1 | Evaluera bruken av brukarundersøkingar.<br>Saka var klar i desember. Kommunestyrebehandling februar 2018 | x | | | |
| 3.4.2.2 | Kommunen skal styrka arbeidet med kommunal service slik at ein oppnår eit resultat blant dei 1/3 beste kommunane i serviceunder-søkinga<br>Det er gjennomført endringar i e-postrutinar og arbeidd med kunde-behandling på fleire område | x | | | |
| 3.4.2.3 | Vurdera nye område for interkommunalt samarbeid der dette fører til meir effektiv drift. Nye område er under vurdering som landbruk, skatteoppkrevjar, IKT - jmf teksten over | x | | | |

## 3.4.3 SAMFUNNSUTVIKLING OG MILJØ

*Folketalsutvikling*
Fram mot 2014 var det god vekst i folketalet i Vindafjord. Etter 2014 har utviklinga stagnert. I 2017 har folketalet gått ned med 35 personar, noko som tilsvarar ein reduksjon på 0,4%. Det er særleg siste halvdel av året ein ser nedgang. Endringa er sett saman av eit fødselsoverskot på 27 personar og ei netto utflytting på 62 personar.

Stagnasjon og nedgang i folketalet er alvorleg og negativt for kommunen. Vindafjord har som målsettjng å ha ein årleg folkevekst på 1% eller meir, og ligg såleis under måltalet.




*Figur: utvikling i folketal frå 1.1.2008 til 1.1.2018*

Folketalsutviklinga i 2017 i dei ulike bygdene, viser at veksten har vore størst i Ølen, med ein vekst på 19 personar. Det er også ein mindre vekst i Vikebygd. Den største nedgangen har vore i Vats med 36 personar og Bjoa med 20 personar. Dei øvrige bygdene har liten endring. Ser ein på åra 2015-2017 har folkeveksten vore størst i Ølen og Skjold, medan Bjoa, Vikedal og Vats har hatt nedgang.




*Figur: endring i folketali 2017, fordelt på grender*




*Figur: endring i folketali 2015 -2017, fordelt på grender*

Det samla folketalet i dei ulike bygdene viser at folketalet er størst i Ølen, med Skjold, Vats og Sandeid på dei etterfølgjande plassane. Det lågaste folketalet finn me i Imsland, med Bjoa og Vikebygd på dei neste plassane.

Vital og sentral

| | 01.01.14 | 01.01.15 | 01.01.16 | 01.01.17 | 01.01.18 |
|---|---|---|---|---|---|
| Kommunen | 8 747 | 8 765 | 8 788 | 8 828 | 8 793 |
| Imsland | 309 | 312 | 310 | 314 | 320 |
| Vikedal | 868 | 854 | 838 | 819 | 823 |
| Sandeid | 1 093 | 1 079 | 1 089 | 1 086 | 1 080 |
| Vats | 1 296 | 1 289 | 1 277 | 1 301 | 1 265 |
| Skjold | 1 461 | 1 503 | 1 515 | 1 532 | 1 535 |
| Vikebygd | 558 | 541 | 546 | 547 | 558 |
| Bjoa | 494 | 495 | 492 | 465 | 445 |
| Ølensvåg | 935 | 931 | 926 | 927 | 921 |
| Ølen | 1 699 | 1 723 | 1 749 | 1 791 | 1 810 |
| Uoppgitt | 34 | 38 | 46 | 46 | 36 |

*Figur: folketalsutvikling i dei ulike bygdene*

Folketalsutviklnga i 2017 fordelt på alder viser nedgang i aldersgruppene 0-5 år og 13-15 år. Det er uheldig. Aldersgruppa 6-12 år viser auke. Aldersgruppa 20-66 år viser nedgang, med dei eldste aldersgruppene frå 67-89 år viser auke. Dette har betydning for tenesteproduksjonen, og den vidare utviklinga av kommunen. Utviklinga dei tre siste åra viser at den yrkesaktive delen av befolkninga har gått frå vekst til reduksjon. Befolkningsandelen over 67 år er i vekst. I dei yngste aldersgruppene er det nedgang, noko som er uheldig med tanke på framtidig folkevekst.




*Figur: endring i folketal etter alder i 2017*




*Figur: endring i folketal etter alder i perioden 2015-2017*

Fordelinga mellom menn og kvinner viser at det er ei svak overvekt av menn i Vindafjord.

| Folketal | 0-5 år | 6-12 år | 13-15 år | 16-19 år | 20-66 år | 67-79 år | 80-89 år | 90 år + | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 01.01.2016 | | | | | | | | | |
| Menn | 347 | 353 | 195 | 268 | 2 804 | 390 | 152 | 38 | 4 547 |
| Kvinner | 338 | 415 | 184 | 230 | 2 383 | 417 | 211 | 63 | 4 241 |
| Sum | 685 | 768 | 379 | 498 | 5 187 | 807 | 363 | 101 | 8 788 |
| 01.01.2017 | | | | | | | | | |
| Menn | 334 | 362 | 189 | 269 | 2 814 | 417 | 150 | 37 | 4 572 |
| Kvinner | 348 | 405 | 175 | 240 | 2 375 | 434 | 207 | 72 | 4 256 |
| Sum | 682 | 767 | 364 | 509 | 5 189 | 851 | 357 | 109 | 8 828 |
| 01.01.2018 | | | | | | | | | |
| Menn | 324 | 381 | 164 | 269 | 2 804 | 430 | 161 | 36 | 4 569 |
| Kvinner | 337 | 405 | 167 | 244 | 2 367 | 435 | 201 | 68 | 4 224 |
| Sum | 661 | 786 | 331 | 513 | 5 171 | 865 | 362 | 104 | 8 793 |

*Figur : Folketal etter kjønn og alder, i åra 2015-2017.*

*Ølen Sentrum*

Det er arbeidd vidare med pilotprosjektet; Tettstaden Ølen. Måla for prosjektet er; Auka aktivitet og handel i sentrum, etablera gode møteplassar, trafikksikring og leggja til rette for ferdsel som støttar god folkehelse. Sentrum skal bli attraktivt og gangbart for alle. Prosjektet har gjennomført fleire prosjektmøte, referansemøte, møte med elevrådet på Ølen vidaregåande skule. Prosjektgruppa har deltatt på samlingar i regi av fylkeskommunen, og det har vore dialog med Bylivsenteret om mogleg bistand derifrå. Bygging av Kultur- og læringssenteret er godt i gang, og planlegginga av den nye kultur- og aktivitetsparken er også i god gang. Kommunen la for sal tre eigedommar i sentrum. Etter ein bodrunde med påfølgjande vedtak, blei tomta med gamle teknisk og brannstasjonen selde. Salet av Revehalltomta blei utsett.

*Næringsutvikling*

I reguleringsarbeidet med Nerheim næringspark blei det motsegn frå fylkesmannen og fylkeskommunen. Mykje knytt til handtering av massar, og massane sitt innhald. Det vart jobba med det gjennom året, og fortsatt nokre uløyste utfordringar. Og det er heller ikkje komen til ein frivillig avtale med grunneigarane. Samarbeidet med Næringshage, Tomteselskap og Fikse går bra.

*Grendeutval*

Alle grendeutvala er aktive. Nokre meir enn andre. Og det er gjennomført møte med alle utvala. Administrasjonen i kommunen opnar dører for grendeutvala, og det vert gjort mykje dugnadsarbeid tilbake.

*Frivillig arbeid*

Det blei lagt fram ei sak om organisering av frivilligsentralen. Vedtaket blei at sentralen fortsatt skal drivast av kommunen.

*Beredskapsarbeid*

Planen for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap vart sluttført i januar og behandla i kommunestyret i februar. Handlingsdelen er innarbeidd i økonomiplanen for 2018-21, som eit av 12 prioriterte strategiområde.

Det har vore fleire episodar med ekstremt vær gjennom året:

| Dato | Hending | Konsekvens | Tiltak |
|---|---|---|---|
| 12/1 | Ekstremvær Vidar | Høg vasstand. Ingen særlege konsekvensar lokalt | Auka beredskap og overvaking |
| 5-7/12 | Store nedbørsmengder | Store nedbørsmengder over tid førte til store overfløymingar særleg i Vikedalsvassdraget. Materielle skader på hus og anlegg | Auka beredskap og overvaking. Krisestab sett 7/12.<br>Sikring av kalkings-anlegg i Vikedal |
| 22/12 | Ekstremvær Birk | Store nedbørsmengder | Auka beredskap og overvaking |

Tre personar i leiargruppa deltok på kurs i kriseleiing i regi av NUSB våren 2017.

| Strategiar og tiltak i 2017 - resultatvurdering | | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| 3.4.3.1 | Plan for oppfølging av arbeidet med samfunnssikkerheit og beredskap<br>Vedtatt i kommunestyret 21 .februar | x | | | |
| 3.4.3.2 | Revidering av beredskapsplanen<br>Arbeidet er ikkje starta opp enno | x | | | x |
| 3.4.3.3 | Rullering av overordna ROS-analyse<br>Vert utarbeidd i samband med oppstart av rullering av kommunepla-nen. | x | x | | |

## 3.4.4 MEDARBEIDARSKAP OG ARBEIDSMILJØ

Kommunesektoren har to arbeidsgjevarpolitiske hovudutfordringar. Den eine er evne til å rekruttera, utvikla og halda på medarbeidarar. Den andre er evne til utvikling og nyskaping. Løysingar på desse utfordringane må til for å driva ein omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommune, til beste for innbyggarane.

**Rekruttere, utvikle og halde på medarbeidarar**
Omdømmebygging og marknadsføring av kommunen som ein trygg arbeidsplass med ryddige forhold, men med spanande og varierte dagar, er viktig. Breidda og innhaldet i dei kommunale jobbane stadfestar at kommunen er ei unik bedrift som har eit unikt oppdrag. Vindafjord deltek aktivt i Haugesundregionen sitt rekrutterings- og omdømmearbeid. Deltakinga vart evaluert hausten 2017.

Lærlingane våre er ein viktig del av omdømme- og rekrutteringsarbeidet. Kommunen er ein arbeidsplass som får skryt for lærlingarbeidet og har som ambisjon å bli stadig flinkare. Me har mange lærlingar og god kvalitet på opplæringa. Det er viktig å få dei unge inn i kommunen, slik at dei på denne måten får vita kor spanande arbeidsplassar som finst her. Slik får ein gode ambassadørar, også blant dei unge, for Vindafjord kommune. Det er behov for mange nye arbeidstakarar i åra som kjem, og dette er ein av våre store utfordringar. Det å gjera oss attraktive nok til å tiltrekka oss arbeidskraft, samt klara å behalda dei tilsette me har, er avgjerande for framtida. Det ser ut til at det særleg innanfor helsefag kan verta stor mangel på arbeidskraft nokre år fram i tid. Me veit imidlertid også at det vil koma mange helsefagstudentar ut frå vidaregåande frå og med 2018. Desse vil trenga læreplassar.

Kommunen har i ei tid hatt utfordringar med å rekruttera sjukepleiarar. Dette er ei generell utfordring kommunalt, men også i andre sektorar. I 2017 vart det utarbeidd ein tiltakspakke for å rekruttera fleire sjukepleiarar, men også for å halda på dei me har.

*IA*

Vindafjord kommune har eit mål om å ha eit totalfråvær på under 6%. I 2017 var dette 7,5%. Fleire av nabokommunane våre hadde også høge sjukefråværstal dette året.

Kommunen samarbeider med NAV Arbeidslivssenter og bedriftshelsetenesta. Prisen me vann for lærlingarbeidet vårt, hadde også grunnlag i at me tilrettelegg for medarbeidarar med spesielle utfordringar. Ei av einingane våre hadde i 2017 regi på eit nærværsprosjekt i kommunen. Sjukefråværsstatistikk går ut til einingane kvart kvartal, og einingane melder tilbake om sitt sjukefråvær. Fleire einingar har svært lågt fråvær, og det vert jobba godt med sjukefråværsførebygging og -oppfølging.

Totalfråvær i kommunen sidan 2006:

| | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1. Kvartal | 7,1 | 6,8 | 6,2 | 7,5 | 6,3 | 7,2 | 7,0 | 7,6 | 6,2 | 8,9 | 6,4 | 9,6 |
| 2. Kvartal | 6,0 | 5,8 | 6,4 | 6,3 | 6,2 | 5,0 | 6,2 | 6,7 | 5,2 | 7,7 | 6,8 | 7,5 |
| 3. Kvartal | 5,0 | 3,8 | 5,2 | 4,9 | 5,2 | 4,2 | 5,4 | 4,4 | 5,2 | 6,1 | 5,1 | 6,0 |
| 4. Kvartal | 6,3 | 7,0 | 5,5 | 6,7 | 5,7 | 5,9 | 7,1 | 5,5 | 8,1 | 7,1 | 6,9 | 7,7 |
| Totalt | 6,1 | 5,9 | 5,8 | 6,4 | 5,9 | 5,6 | 6,4 | 6,1 | 6,2 | 7,5 | 6,2 | 7,5 |

*Kompetanse*
Motiverte tilsette med rett kompetanse er heilt naudsynt for kommunen som organisasjon og tenestetilbydar. Kommunen har stipendordningar, permisjonsordningar og lønstillegg for kompetanse som nokre av verkemidla på dette området. I tillegg har ein eige lønsreglement for studentar. Vindafjord kommune legg til rette for at den einskilde tilsette skal få høve til å utvikla sin kompetanse. Me ynskjer at alle tilsette stadig vurderer nye og betre måtar å arbeida på slik at ein kan få nytta både den einskilde og organisasjonen sin samla kompetanse på best måte. Vindafjord kommune har eigen strategisk kompetanseplan. Einingane har einings- og/eller sektorvise kompetanseplanar. For leiarane er det etablert system for leiaropplæring og –utvikling i leiarforum. I 2017 har mykje av tida og ressursane til dette gått til temaet innovasjon. Denne satsinga har også involvert andre tilsette, og tillitsvalde. Innovasjonsarbeidet held fram i 2018. Ein har kontinuerlig kontakt med eksterne aktørar om kurstilbod og kompetanseheving.

*Heiltidskultur*

Det er ei utfordring at kommunesektoren har mange deltidsstillingar, særleg innafor pleie og omsorg. Nasjonal forsking og undersøking viser at det meste av deltid er ynskt deltid, men nokre av dei som går i småstillingar har ikkje ynskt det sjølv. Kombinasjonen av at mange ynskjer å gå deltid medan det finst nokre som ynskjer seg større stilling, er ei utfordring. Deltid er ei utfordring også reint tenestefagleg, administrativt og økonomisk. Mange deltidsstillingar kan gå ut over kontinuitet og kvalitet på tenesta me tilbyr brukarane våre. Me har mange som søkjer redusert arbeidstid etter arbeidsmiljølova. Alt i alt gir alle reduksjonar og permisjonar oss deltid og midlertidigheit i andre enden. ADMU vedtok i 2016 ein tiltaksplan for å auka delen av 100% stillingar og redusera delen som går i ufrivillig deltid. Heiltidsprinsippa som då vart vedteke, vert følgd kontinuerleg. Vindafjord kommune hadde i 2016 ein heiltidsandel på 19,1% og ein gjennomsnittleg stillingsstorleik på 73,8% (PAI-tal). I 2016 starta ein deltaking i prosjektet Nytt Blikk for å jobba for ein heiltidskultur i Vindafjord. Dette har også vore jobba med i 2017. Dette er eit langsiktig arbeid, med tanke på at det er stor grad av rein kultur i problematikken.

**Utvikling og nyskaping**

Vindafjord kommune skal vera i framkant av utviklinga. No og framover har me behov for endringsvilje for å oppfylla nye krav om velferdstenester. Auka innovasjonskraft og evne til nyskaping er eitt av svara på dette. Organisering, digitalisering, gode leiarar og eit godt samarbeid med framtidsretta tillitsvalde er vesentleg for å lukkast. Det vil vera stadig behov for ny kompetanse, nye måtar å arbeida på og nye forventningar til leiarar, tilsette og brukarar. Leiing og medarbeidarskap i form av evne og vilje til stadig forbetring er naudsynt for at organisasjonen skal oppleva utvikling og nyskaping. Leiing i Vindafjord kommune er eit endringsoppdrag. Me må evna å sjå behovet med nye auge, utvikla meir effektive prosessar, ta i bruk ny teknologi der det gjev betre løysingar og endra ressursbruken frå år til år, ut i frå reelle behov, i langt større grad enn det me har gjort til no. I 2017 har me starta på eit innovasjonsprogram etter BLT-modellen (behov-løysing-test).

***Evne og vilje til stadig forbetring!***

**Strategiar og tiltak 2017**

| Status pr. 31. august for strategiar og tiltak i 2017 | | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| **3.4.4.1** | Evaluera deltaking i Haugesundregionen sitt rekrutterings- og omdømmeprosjekt. *Gjennomført.* | x | | | |
| **3.4.4.2** | Oppfølging av tiltaksplanen for å auka delen av 100% stillingar og å redusera delen av ufrivillig deltid. Kontinuerleg arbeid. | x | x | | |




På plass på rekrutteringsmesse Foto:Vindafjord kommune

Vital og sentral

# 4. INVESTERINGAR

**Generelt om investeringar og investeringsbehovet**
I budsjettet for 2017 vart det vedteke investeringar i anleggsmidlar for 59 mill kroner. I tillegg stod det att investeringsprosjekt frå tidlegare år på 114,1 mill kroner. Det aller meste av dette er større prosjekt som er starta opp, og vil bli ferdigstilt i 2018.

I 2017 vart det investert i anleggsmidlar for 67,7 mill kr. Tabellen under gir oversikt over dette, der større prosjekt er sett opp for seg, medan område som kommunale bygg og anlegg, kommunale vegar og trafikksikring inneheld fleire mindre prosjekt. Detaljert oversikt over desse, med kommentarar til dei einskilde prosjekta, følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

| | Restmidlar | Budsjett | Medgått | Restmidlar |
|---|---|---|---|---|
| Prosjekt/prosjektområde | før 2017 | 2017 | 2017 | |
| | | | | |
| Fornying av It-utstyr | 235 277 | 500 000 | 499 690 | 235 587 |
| Barnehageutbygging i Skjold | 8 350 487 | 0 | 769 024 | 7 581 463 |
| Kultur- og læringssenter | 37 115 264 | 15 700 000 | 13 291 738 | 39 523 526 |
| Fjellstøl interkommunale skianlegg | 1 000 000 | 8 200 000 | 3 584 645 | 5 615 355 |
| Aktivitetshuset | 721 525 | 0 | 933 275 | -211 750 |
| Strategisk eigedomskjøp | 2 712 680 | 2 000 000 | 5 325 063 | -612 383 |
| Brann/ambulanse/legevakt/legekontor | 34 409 014 | 0 | 9 285 786 | 25 123 228 |
| Kommunale bygg og anlegg | 6 368 284 | 9 550 000 | 9 121 773 | 6 796 511 |
| Kommunale vegar og trafikksikring | 9 003 347 | 1 500 000 | 6 388 349 | 4 114 998 |
| Breibandprosjektet | 0 | 2 000 000 | 69 548 | 1 930 452 |
| Sum rammeområda | 99 915 878 | 39 450 000 | 49 268 892 | 90 096 986 |
| | | | | |
| Kyrkja | 7 834 317 | 1 000 000 | 797 795 | 8 036 522 |
| | | | | |
| Vatn | 1 400 639 | 7 500 000 | 9 213 488,17 | -312 849 |
| Kloakk | 10 440 542 | 11 000 000 | 8 463 343,55 | 12 977 198 |
| Sum VA-område | 11 841 181 | 18 500 000 | 17 676 832 | 12 664 349 |
| | | | | |
| Sum investeringar etter budsjett | 119 591 376 | 58 950 000 | 67 743 519 | 110 797 857 |

**Finansiering**
Prosjekt der investeringsramma er brukt opp, er dekka inn ved overføringa frå andre prosjekt, eksterne tilskotsmidlar, eller blir dekka inn av løyving gitt i 2018.

I finansieringsplanen er det sett opp 2,2 mill kr som inntekt frå sal av anleggsmidlar. Totalt i 2017 vart det seld eigedomar for kr 1,6 mill kr. Sal av revehallstomta, det gamle kommunehuset i Ølen og den gamle brannstasjonen inngår i finansieringsdelen for 2017/18.

Det er budsjettert med 17,7 mill kr i tilskot i 2017. 11,2 mill kr av dette er knytt til prosjekt som skal sluttførast i 2018: Fjellstøl og Kultur- og læringssenteret. 6,5 mill kr er knytt til Aktivitetshuset Gnisten. Her vart tilskotet justert ned til 4,6 mill kr etter rapportert rekneskap til Husbanken. Utgiftsramma er justert ned.

Vital og sentral

# 5. DRIFT OG NYE TILTAK INNAN RAMMEOMRÅDA

## 5.1 RAMMEOMRÅDE ADMINISTRASJON OG FELLESDRIFT

**Rammeområdet omfattar**

Rammeområdet omfattar politisk styring, administrasjon, stabsfunksjonar, støttefunksjonar, lærlingeordninga og felles utgifter for alle einingar. I tillegg er Kyrkja omtalt her.

### 5.1.1 RESULTAT RAMMEOMRÅDE

#### Hovudtrekk oppgåver og drift 2017

Rammeområdet har stor grad av intern tenesteyting, for eksempel gjennom støtte og sakshandsaming på fag som økonomi, IT, arkiv og personal. Den største kontaktflaten utad skjer via servicetorget eller via kommunen sine nettsider. Den teknologiske utviklinga har vore slik at ein kan tilby fleire og fleire tenester via nett. For brukarane er dette ein fordel ved at tenestene er tilgjengelege heile døgnet. Ein nyttar også sosiale media. Digitale skjema og facebook er noko ein har jobba med i heile 2017.

Det er relativt stabil arbeidskraft innan rammeområdet. Det er god kompetanse innan dei ulike fagområda, men ei viss sårbarheit innan enkelte spesialiserte tenesteområde. Det kan vera svært utfordrande å skaffa kvalifiserte vikarar innafor desse spesialiserte tenesteområda. Vakansar kan difor vanskeleggjera drifta. Delar av rammeområdet har vore berørt av mange endringar i 2017. Service- og fellestenester har for eksempel både vore gjennom nedbemanning, vakansar og organisasjonsendringar. Innafor IKT-området er det starta ei utgreiing av mogleg interkommunalt samarbeid. Det vart også gjennomført stortingsval i 2017.

#### Økonomi

| | Regnskap | Budsjett | Just budsj | Avvik | %- |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2017 | 2017 | 2017 | | forbruk |
| Utgifter | 54 389 408 | 57 071 267 | 53 597 496 | -791 912 | 101,5 |
| Inntekter | -6 396 156 | -3 453 396 | -4 223 074 | 2 173 082 | 151,5 |
| Netto utgifter | 47 993 252 | 53 617 871 | 49 374 422 | 1 381 170 | 97,2 |

Rammeområdet har eit samla mindreforbruk på kr 1 381 169. Hovudårsaka er at ein ikkje har tilsett i ledige stillingar. I samband med nedbemanning og organisasjonsendringar har det vore viktig å sikra rett kompetanse. Dette er i ferd med å koma på plass i 2018. Dei økonomiske utsiktene gjorde også at ein valde å halda igjen. Ulempa med dette er auka arbeidspress i lengre periodar og at enkelte oppgåver blir utsett eller ikkje løyst. Det har også vore noko prinsippendring i høve til periodisering av utgifter, noko som har medført mindre utgifter enn normalt i 2017.

#### Utfordringar

Det er ei målsetjing å betra utnyttinga av eksisterande digitale verktøy, samt å ta i bruk nye. Dette gjeld både internt og eksternt. Det er stor vilje til utvikling, men krevjande å prioritera i ein stadig meir travel kvardag. Endringar i dette rammeområdet fordrar som regel endringar for heile organisasjonen. Det kan difor vera krevjande å innføra slike endringar. Det er viktig at den tekniske infrastrukturen er på plass og ikkje hindrar utviklinga.

Framover vil ein også oppleva organisasjonsendring i rammeområdet, for eksempel innafor IKT. Det er også naudsynt å tilpassa drifta til endra rammevilkår, både gjennom det nye inntektssystemet frå 2017, men også gradvis bortfall av inndelingstilskot frå 2021-2025.

Vital og sentral

## 5.1.2 POLITISK STYRING

### Hovudtrekk oppgåver og drift 2017

Tenesteområdet omfattar folkevalde, val, støtte til politiske parti, kontrollutval og næring.
I 2017 er det gjennomført Stortingsval. Utgiftene vart noko mindre enn budsjettert.
Formannskapet er fondsstyre for det kommunale næringsfondet. Her er det ikkje disponible midlar att på grunn av at kommunen ikkje lengre får tilført statlege midlar, sjå oversynet under kapitlet «Samfunn og miljø».

### Økonomi

Tenesteområdet har eit mindreforbruk på kr 204 939. Det er hovudsakleg knytt til lågare utgifter til politisk møteverksemd og lågare utgifter knytt til Stortingsvalet. Det er samstundes betalt ut noko meir tilskot enn budsjettert

| Status pr. 31. august for strategiar og tiltak i 2017 | | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| 5.1.2.1 | Gjennomføring av Stortingsval.<br>Gjennomført. | x | | x | |
| 5.1.2.2 | Vurdering av politisk struktur for ny valperiode<br>Vurdering i 2018 | | x | | |

## 5.1.3 ADMINISTRASJON OG FELLESDRIFT

### Hovudtrekk oppgåver og drift 2017

Tenesteområdet omfattar den overordna kommuneadministrasjonen. Fellesfunksjonar som økonomi, personal, it, dokumenthandtering, arkiv, publikumsmottak med meir høyrer inn under dette. Tenesteområdet har både eit internt fokus i høve til at det er støtteapparat for den øvrige kommunale tenesteytinga, men driv også utadretta i høve til publikum. Servicetorget, sentralbordfunksjonen og kommunen sine nettsider er viktige i så måte.

Det vert heile tida arbeidd med å auka effektivitet i tenesteproduksjonen, både internt og eksternt, mellom anna som følgje av vedtak om reduserte personalressursar. Det er også viktig å halda kvaliteten oppe så godt som råd er trass i det ovannemnde. Fleire sektorovergripande organisasjonsprosessar vart starta i 2017. Administrasjon og fellesdrift er mellom anna berørt av prosessen kalla *Merkantil samordning*, som følgje av budsjettvedtak. Også IKT-området bør nemnast, kor ein starta på ein prosess for mogleg inngåing av interkommunalt samarbeid. I 2017 vart rapporteringsliner i organisasjonen endra. Personal- og organisasjonssjef har no overteke det lineansvaret rådmannen før hadde for Service- og fellestenester samt IKT.

### Økonomi

Tenesteområdet har eit mindreforbruk på kr 1 173 230, og er hovudsakleg knytt til lågare lønsutgifter. Det er også halde igjen generelt på utgiftssida grunna krevande driftssituasjon for kommunen generelt gjennom året.

| Status pr. 31. august for strategiar og tiltak i 2017 | | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| 5.1.3.1 | Reduksjon i bemanning stab, støtte og merkantil, 3 årsverk. Gjennomført/pågår. | x | x | | |
| 5.1.3.2 | Reduksjon i Ikt drift. Gjennomført. | x | | | |
| 5.1.3.3 | Reduksjon i seniorordninga. Gjennomført. | x | x | | |
| 5.1.3.4 | Reduksjon i kurs- og kompetansemidlar. Gjennomført. | x | | x | |
| 5.1.3.5 | Samarbeid med Etne om skatteoppkrevarfunksjonen. Prosess pågår. Sak til kommunestyret i desember, med planlagt oppstart i april 2018. | x | x | | |
| 5.1.3.6 | Vurdera redusert opningstid på rådhuset. Ferdig vurdert. Opningstida vil vera som no. | x | | | |
| 5.1.3.7 | Vidareutvikla kommunen sine nettsider og gjera dei endå meir brukarvenlege. Gjennomført/pågår. | x | | | |

## 5.1.4 KYRKJA

**Hovudtrekk oppgåver og drift 2017**

Fellesrådet har ansvar for bygging, drift og vedlikehald av kyrkjebygg og kyrkjegardar. Rådet har også ansvar for prestane sitt kontorhald, og personalansvar for kyrkjeleg tilsette så nær som prestane. Oppgåvene er heimla i Kyrkjelova §14.

**Økonomi**

Fellesrådet har hatt jamn drift gjennom året. Netto driftsresultat viser eit meirforbruk på kr 177 342, medan rekneskapsmessig resultat viser meirforbruk på kr 170 555. Meirforbruket skuldast hovudsakleg retting av tidlegare års feil knytt til pensjonsutgifter.
Ein viser elles til Fellesrådet si eiga årsmelding for ytterlegare informasjon.

# 5.2 RAMMEOMRÅDE OPPVEKST OG KULTUR

Rammeområdet oppvekst og kultur omfattar 15 einingar; tre barne – og ungdomsskular, tre barneskular, tre kombinerte barnehagar og skular, fire barnehagar, PPT-kontor og Kultur- og læringssenter.

## 5.2.1 RESULTAT RAMMEOMRÅDE

**Hovudtrekk oppgåver og drift 2017**

Totalt gjekk det 500 barn i barnehage 15. desember. Av desse gjekk 302 barn i kommunale barnehagar, 198 barn i private barnehagar i kommunen, og i tillegg til dette fire barn i privat barnehage i andre kommunar; Tysvær og Sveio.

Pr. 1. oktober gjekk det 1102 elevar i grunnskulen. 235 elevar hadde SFO plass, av desse hadde 80 elevar tilbod 5 dagar i veka. Det er til saman 356 ungdomsskuleelevar i Vikedal, Ølen og Skjold.

På same tid gjekk det 234 elevar i kulturskulen, av desse var 220 i grunnskulealder og 14 over.

**Organisasjon og drift**
Når det gjeld sjukefråvær, så har barnehage generelt hatt eit fråvær på 7,2 %, målet i denne sektoren er 6%. Her ligg ein framleis eit stykke frå målet. For grunnskule, inkludert SFO, er det eit sjukefråvær på 2,5%, som er godt under mål-setjinga på 4%, (for kombinerte skular og barnehagar var målet 5%). Dette er me veldig nøgde med. Vaksenopplæringa rapporterer med eit fråvær på 4,65%, som er noko over målsetjinga på 4 %. Kulturavdelinga hadde i 2017 eit sjukefråvær på 4,1%, som er nokonlunde i tråd med målet på 4 %. PPT rapporterer eit veldig lågt sjukefråvær, 0,4 %, godt under målet på 3 %.

Når det gjeld avvik på rammeområdet oppvekst og kultur, er det meldt inn i avvikssystemet på RISK 41 avvik fordelt på HMS (22), eksterne klager (11), informasjonssikkerheit (1), brann (2) og tenestekvalitet (5). Av desse 41 avvika er 35 lukka, medan dei siste seks er under behandling.

Skulen har fått krav om at lærarar som skal undervisa i norsk/engelsk/matematikk må ha 30 studiepoeng på ungdoms-trinnet og 30 studiepoeng på barnetrinnet. Skuleåret 2017/18 er det 11 lærarar som deltek i Kompetanse for kvalitet.

Haugalandsløftet vart avslutta august 2017. Ti kommunar på Haugalandet har samarbeidd om dette forskingsbaserte kompetansehevingsprosjektet retta mot skule, barnehage og PPT.  Haugalandsløftet har bidrege til meir systematisk arbeid med tverrfaglege tenester på dei arenaene barna er. No som kommunen er blitt ein BTI-kommune (Betre Tverr-fagleg Innsats) skal denne satsinga føra vidare det som Haugalandsløftet har starta på. Den kommunale gruppa i Haugalandsløftet er no gått over til å bli pådrivargruppa i BTI-arbeidet.

Frå august blei det innført lovendring i §9A, som seier at eleven har ein individuell rett til eit trygt og godt skulemiljø, og det er eleven sin eigen subjektive oppfatning som avgjer det psykososiale miljøet. Skulen og skuleeigar har ei plikt til å handla i høve aktivitetsplikta, slik at eleven sin rett blir oppfylt. Skulen skal også jobba kontinuerleg og systematisk for å fremja helsa, miljøet og tryggleiken til elevane. Skulane har hatt 19 aktivitetsplanar til nå i år, fordelt på sju skular.

I

Vital og sentral

## Økonomi

| | Regnskap | Budsjett | Buds(end) | Avvik(per.) | %- |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2017 | 2017 | 2017 | 0 | forbruk |
| Utgifter | 252 335 554 | 237 279 937 | 238 341 326 | -13 994 228 | 105,9 |
| Inntekter | -50 832 192 | -28 726 572 | -32 178 406 | 18 653 786 | 158,0 |
| Netto utgifter | 201 503 362 | 208 553 365 | 206 162 920 | 4 659 558 | 97,7 |

Samla sett viser rammeområdet oppvekst og kultur eit overskot på litt over 4,6 mill, som skuldast i hovudsak ei dobbel-budsjettering og ubrukte skyssmidlar. I tillegg har einingsleiarane i oppvekst og kultur vist god og lojal økonomistyring. Dei fleste fått gjort nyttige investeringar for drifta også. PPT-leiar har hatt god disiplin og leverer eit rekneskap i god balanse. Totalt for rammeområdet vil det seia: 97,7 % forbruk av budsjett for 2017.

## Utfordringar

Oppvekstkontoret hadde store utfordringar over sommaren med vakansar i både kommunalsjefstillinga og skule-rådgjevarstillinga. Dette førte til at ein del saker låg på vent. Kontoret vart fullbemanna i desember og er no snart ajour.

Dei nye krava til kompetanse i basisfaga i skule er ei utfording å imøtekoma. Lærarar som jobbar med faga norsk, matte og engelsk må ha 30 stp i småskulen og 60 stp i ungdomsskulen. Kvart år vidareutdannar me ca 7 lærarar i desse faga, kommunen har sju år på seg til å imøtekoma desse krava. Pr i dag er det ca 20 lærarar som må ta denne vidare-utdanninga dersom dei skal halda fram med å undervisa i desse faga.

I barnehage er det mange pedagogiske leiarar som arbeider redusert, noko som medfører at fagarbeidarar ofte må ha delar av stillinga på dispensasjon.

Andre utfordringar i høve overordna mål og resultatmål i økonomiplanen vert omtalt under dei ulike områda.

| Strategiar og tiltak i 2017 - resultatvurdering | | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| 5.2.1.1 | Betre Tverrfagleg Innsats<br>Vindafjord er ein BTI kommune og det vert jobba med overord-na modell for Vindafjord. Det er tilsett prosjektleiar og sta-fettlogg er på plass. Opplæring av brukarar og pilotar er i gong. | x | x | x | x |
| 5.2.1.2 | Organisasjon og kompetanseutvikling barnehage/skule/ppt<br>Dokument for samhandling mellom PPT og barnehage og PPT og skule er ferdig og klar for å setjast i verk. PPT har rettleia assistentar på kursdagar, på planleggingsdagar, i personalmøte og i saker for enkeltbarn, dette i samarbeid med leiarane i skule og barnehage. | x | | | |
| 5.2.1.3 | Politisk sak om auka buattraktivitet<br>Det vart fremja sak seint på hausten om attraktivitet og buset-nad. Tema er og eit av dei prioriterte satsingsområda i framleg-get til ny økonomiplan. | x | | | |
| 5.2.1.4 | Greie ut Open barnehage i Familiens hus<br>Ei arbeidsgruppe er i gong og saka skal opp til handsaming våren 2018. | | x | | |

## 5.2.2 BARNEHAGE



### Hovudtrekk oppgåver og drift 2017

Frå 1. august 2017 vart retten til barnehageplass utvida til å gjelda barn som er fødde til og med november månad. Ved hovudopptak 2017 hadde alle barn fødd før 1. desember 2016 dermed rett til plass frå månaden dei fylte 1 år. Barnehagane måtte ta høgde for dette ved hovudopptaket. Det kom og ei presisering som seier at barn skal reknast som tre år frå august det året barnet fyller 3 år, og det er føreskriftsfesta at eit ekstra barn utover pedagognorma sitt minstekrav løyser ut behov for ei ny heiltidsstilling som pedagogisk leiar. Fleire av barnehagane oppfyller pedagognorma ved å ha fagarbeidar inne på dispensasjon. I tillegg er det registrert i barnehagefakta at 30% ikkje oppfyller pedagognorma. Dette gjeld dei 3 minste barnehagane, i oppvekstsentra Bjoa, Imsland og Vik, der det er søkt om dispensasjon frå norma på bakgrunn av ynskje om å gje tilbod til einskilde barn som elles står utan tilbod i bygda.

Hausten 2017 vart ny pedagognorm vedteke, gjeldande frå 1. august 2018, og som følgje av dette må ein auka talet på pedagogar i alle barnehagane. Det er 3 tilsette som tek barnehagelærarutdanning (ABLU), og ei av desse er ferdig utdanna våren 2018. Dei tre siste ABLU-studentane er alle tilsett i Skjold barnehage og er inne i sitt 2. studieår. Ein pedagog tar vidareutdanning i språkutvikling og språklæring.

Hovudregel for opningstid i kommunale barnehagar vert endra i vedtektene, gjeldande frå august 2017, til kl 0645-1630. Dei private barnehagane har framleis ope til kl 1700. Endringa gjer at ein 80% plass (4 dagar i veka) kjem inn under 40 timar eller mindre for barnehageplass i kommunal barnehage, medan 80% plass i dei private barnehagane kjem over 41 timer eller meir, og difor kjem inn som ein 1/1 plass når det vert rapportert inn i BASIL. Dette må takast høgde for når tala vert samanlikna, både i samband med plassar og personaltettleik.

Barnehagane avslutta i 2017 brevtilsyn, gjennomført av kommunen som barnehagemynde, frå desember 2016, og fleire av barnehagane har hatt tilsyn etter forskrift om miljøretta helsevern. Fylkesmannen har hatt tilsyn med kommunen som barnehagemynde hausten 2017. Frist for tilbakemelding til Fylkesmannen er mai 2018, og det er ikkje forventa pålegg etter denne tid.

Tal på barn er stabilt, med litt nedgang frå 505 til 500 i barnehagane. Dei private barnehagane har hatt jamt auke, medan det merkast at nedgangen er i nokre av dei kommunale barnehagane. Dette gjeld spesielt Bjoa, Imsland og Vik som no alle er nede i ei avdeling.

### Økonomi

Dei fleste kommunale barnehagar ligg godt i balanse, eller har litt overskot. Ein av barnehagane har nokre utfordringar og vil bli fulgt opp. Samla resultat viser mindreforbruk på kr 30 994.

Innsparingar som er lagt inn med gjennomføringa av feriestenging i to veker i sommarferien i dei kommunale barnehagane, samt tilskotsordning med to telledatoar for dei private barnehagane held fram. Evaluering av dette er under arbeid, og må sjåast i samanheng med endra opningstider i dei kommunale barnehagane. Noko som på ei side vert

dyrare kostnad for kvar opphaldstime, medan det sparar inn i samband med bemanning i tråd med forslag til bemanningsnorm, og den vedtekne pedagognorma.

Innsparing på stabsrådgjevarfunksjonen og ein del andre funksjonar/oppgåver som er løyst frå Service- og fellestenester har ført til endring i praksis for einingsleiarane. Ikkje alle oppgåver og ansvar har heilt klare rutinar enno.

Kommunen mottok kr 237 329,- i midlar til innsats for minoritetsspråklege barn. Desse er i hovudsak nytta i Ølensjøen FUS barnehage med midlar til 20% assistentressurs. I tillegg har kommunen ein pedagog i 20% stilling som arbeider opp mot denne barnegruppa.

På vegne av barnehagane søkte kommunen om midlar til symjeopplæring, og mottok samla kr 220 750,- som er fordelt ut til barnehagane utfrå tal på barn som barnehagane gjer symjeopplæring til.

Kommunen mottok kr 50 000,- i tilretteleggingsmidlar for vidareutdanning.

I budsjettvedtaket for 2017 vart det vedteke ei sparing på kr 500 000 i kommunale barnehagar gjennom endring av retningslinjene. Dette er gjennomført. Tilskotet til private barnehagar blei auka med 2,37 mill. Ved 1. tertial vart budsjettposten for tilskot til private barnehagar auka med nye 1,5 mill kr. Ved årsskifte viste rekneskapen eit forbruk på kr 600 000 mindre enn dette.

Tal frå statistikk pr 15.12.17. Gjeld for kommunale og private samla.

| Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| Barn i kommunale og private barnehagar | 493 | 500 | 505 | 500 |
| Barn i private barnehagar | 178 | 179 | 191 | 198 |
| Barn i kommunale barnehagar | 315 | 321 | 314 | 302 |
| Barn med spesialpedagogiske tiltak | 20 | 21 | 18 | 17 |
| Minoritetsspråklege barn | 60 | 62 | 65 | 69 |
| Tilsette med barnehagelærarutdanning | 47 | 50 | 57 | 52 |
| Andel barn med 40 timar eller mindre | 21,9 % | 10% | 25,1% | 27,4% |
| Andel barn med 41 timar eller meir | 78,1% | 90% | 74,9% | 72,6% |

| Strategiar og tiltak i 2017 - resultatvurdering | | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| 5.2.2.1 | Auka bemanning. Ei avdeling barnehageåret 2017/18<br>Utbygging i Skjold barnehage er påbegynt, med berekna ferdig-stilling til nytt barnehageår 15. august 2018. | x | x | | |
| 5.2.2.2 | Samordna barnehageopptak- reduksjon i kjøp av tenester frå private<br>Gjennomføring av KS sak 23/16 | x | | | |
| 5.2.2.3 | Plan for «Kvalitet og strategi i barnehagane»<br>Deltatt i innovasjonsprosjekt fylkesmann og Imtec våren 2017.<br>Plan ferdig haust 2017 | x | | | |
| 5.2.2.4 | Kompetanseheving på assistentar som jobbar i barnehagane, mot ppt-vedtak<br>Assistent- og fagarbeidarsamling er to gonger i året, samstundes er det ulike nettverk og aktuelle kurs ein søkjer å følgja opp for å sikra kompetanse til kvar tilsett og at barn med vedtak vert møtt og ivareteke ut frå sine behov. | | | | |

# 5.2.3 GRUNNSKULE

## Hovudtrekk oppgåver og drift 2017

Fylkesmannen har hatt tilsyn ved Vikedal- og Ølen skule på psykososialt miljø §9a. Fylkesmannen har avslutta tilsynet, avvika er lukka.

Brukarundersøkingar: Det vert gjennomført årleg elevundersøking på 7.- 10. trinn (Utdanningsdirektoratet). I tillegg vert det gjennomført ei årleg kommunal trivselundersøking på 3.-7. trinn. 96% av elevane svarar at dei trivst bra eller sånn passe på skulen. På barnetrinnet svarar 1 % jenter og 1 % gutar at dei trivst dårleg på skulen, medan 5,5 % opplyser at dei ikkje trivst på ungdomstrinnet. Dette vert det halde fokus på, det er nulltoleranse for mobbing i Vindafjordskulen. I samband med aktivitetsplikta (§9a rett til eit trygt skulemiljø) har skulane rapportert inn at dei har hatt 19 aktivitetsplanar fordelt på sju skular.

I samband med innskjerpinga av lovverket §9a som går ut på at elevane skal ha eit trygt miljø på skulen, har dette ført med seg fokus kring gode trafikksikringsløysingar på skulane. FAU har på dei fleste skulane hatt eit stort engasjement for å finna gode løysingar, Statens vegvesen er inne i ei av sakene. I tillegg jobbar alle skulane med å få til trygge læringsmiljø der elevane kan oppleva fagleg meistring og læring. Alle skulane arbeider med «vurdering for læring» og dei fleste ser at elevane har utbytte av denne satsinga.

Mange av skulane har utbetra det fysiske miljøet ute og inne, einingsleiarane har gjort ein god jobb og teke ansvar for arbeidet som har blitt utført. Drifta er stort sett stabil på skulane, nokre melder om langtidssjukemeldingar og vidare vanskar med å få bemanna vikariata med kompetent personell.

Også i år viser det seg at Vindafjordskulen har låge resultat på nasjonale prøvar. Målet om nasjonalt snitt på 50 er ikkje nådd. Småskuletrinnet hadde eit snittresultat på 46,6 (haust 5. klasse) og mellomtrinnet fekk eit snittresultat på 48 (haust 8. klasse). Det er større fritak nasjonalt enn i Vindafjord, likevel er det for mange på lågaste nivå. Leseplan 1.-4. trinn er laga og i bruk, neste steg er å utarbeida leseplan for 5.-7. trinn. Arbeidet med denne startar våren 2018. Rektorane skal på kurs i regi av Fylkesmannen våren 2018 der temaet er korleis ein tolkar resultat og arbeider vidare med dei nasjonal prøvane lokalt.

Når det gjeld eksamensresultat på 10. trinn ligg elevane litt under landssnittet på matematikk og engelsk, på landssnittet i norsk hovudmål og over landssnittet i norsk sidemål. Samla snitt for eksamenskarakter i Vindafjordskulen 2017 er: 3,4. Grunnskulepoeng i Vindafjordskulen var 41,7 (grunnskulepoeng er eit snitt av alle avsluttande karakterar multiplisert med 10).

## Økonomi

Rektorane har god kontroll på økonomien og det er lojalitet for å halda budsjett, om det ikkje er særlege grunnar for avvik. Samla resultat for skulane viser mindreforbruk på kr 1 115 637.

Vidareføring av vedteken innsparing er gjennomført med kr 200 000 i assistent/fagarbeidar og kr 500 000 på lærarstillingar.

Auke i fosterheimsplasserte elevar frå Vindafjord i andre kommunar gjer at refusjonskrav for undervisning/kjøp av tenester frå andre kommunar framleis er høgt.

Vindafjordskulen fekk om lag 2,25 mill. kr i øyremerka midlar i 2017 til tidleg innsats gjennom auka lærartettleik på 1.-4. trinn. Dette utgjer 3,4 lærarstillingar som er fordelt på skulane etter GSI-tal. Det er sendt rapport til Fylkesmannen om korleis pengane er disponert.

På grunnskule blei det vedteke ei sparing på 2,3 mill. kr. med årsverknad 1,3 mill. i 2016. Dette er gjennomført og vidareført i 2017.

Vital og sentral

| Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| Elevtalsutvikling | 1141 | 1119 | 1116 | 1102 |
| Tal på elevar med spesialundervisning | 9,3 % | 8,7% | 8,9 % | 7,1% |
| Min. språklege elevar med vedtak om norsk | 5,4 % | 5,5% | 4,9% | 3,9% |

| Strategiar og tiltak i 2017 - resultatvurdering | | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| **5.2.3.1** | Vidare reduksjon av ass. timar skuleåret 2017/18.<br>Innsparingstiltaket er gjennomført 2017 og vert vidareført. | x | x | x | x |
| **5.2.3.2** | Reduksjon av lærarstillingar skuleåret 2017/18.<br>Innsparing av tiltaket vart lagt inn, men ny nasjonal satsing for tidleg innsats kompenserte tiltaket. | x | x | x | |
| **5.2.3.4** | Kvalifisering av lærarar etter ny forskrift.<br>Det er utarbeidd eit eige avsnitt i «Kompetanseplan for grunnskule» om korleis ein vil nå måla om kvalifiserte lærarar. Kommunen har 10 år frå kravet blei innført i 2015 til å oppfylla forskrifta. | x | x | x | x |
| **5.2.3.5** | Revisjon av IKT plan.<br>Arbeidet med planen er godt i gong, ei gruppe har laga utkast som er til høyring. Den vil i løpet av våren ferdigstillast slik at ein har den som grunnlag inn mot budsjettprosessen 2019. | x | x | | |
| **5.2.3.6** | Leseplan<br>Leseplanen er ferdig for 1. – 4. klasse og er teken i bruk. Den skal evaluerast våren 2018. | x | | | |
| **5.2.3.7** | Kvalitet og strategiplan for grunnskule. | | | | x |
| **5.2.3.8** | Kompetanseheving på assistentar i skulen som jobbar med ppt-vedtak<br>Assistent- og fagarbeidarsamling er to gongar i året, samstundes er det ulike nettverk og aktuelle kurs ein søkjer å følgja opp for å sikra kompetanse til kvar tilsett og at barn med vedtak vert møtt og ivareteke ut frå sine behov. | | | | |



Avgangskull Skjold skule 2017 Foto:Skjold skule

# 5.2.4 SKULEFRITIDSORDNINGA

## Hovudtrekk oppgåver og drift 2017

SFO hadde ei omlegging frå timar til dagar/pakkar i 2016, ordninga skal evaluerast i februar 2018. SFO melder om at det er lettare å drifta etter omlegginga pga at det er meir føreseieleg med tanke på personell. Kvaliteten på tilbodet for barna på SFO har blitt betre på dei fleste skulane. Dei tilsette har fått tilbod om kurs/fagleg påfyll. Nokre foreldre melder om at pakkane ikkje møter behovet deira. Dei må betala for meir enn dei bruker.

## Økonomi

SFO er i utgangspunktet eit sjølvkost-område, sjølv om ein i Vindafjord subsidierer tenesta med om lag 2,8 mill kr pr år. Skulane har levert gode resultat for 2017. Det er eit samla mindreforbruk på kr 218 714.

**Skuleåret 2017/18**

| Skule | 1 dag | 2 lange eller 3 korte | 5 dagar | Ferie-pakke | Barn totalt |
|---|---|---|---|---|---|
| Skjold | 12 | 24 | 24 | 10 | 60 |
| Ølen | 4 | 13 | 24 | 13 | 45 |
| Vats | 6 | 11 | 7 | 0 | 24 |
| Sandeid | 5 | 18 | 8 | 2 | 29 |
| Vågen | 6 | 7 | 12 | 3 | 23 |
| Vikedal | 2 | 7 | 8 | 0 | 17 |
| Vikebygd | 1 | 11 | 4 | 0 | 16 |
| Bjoa | 7 | 10 | 4 | 0 | 16 |
| Imsland | 0 | 6 | 0 | 1 | 6 |
| Totalt | 79 | 107 | 91 | 29 | 236 |

| Strategiar og tiltak i 2017 - resultatvurdering | | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| 5.2.4.1 | Omlegging i SFO frå timar til dagar. Auke i foreldrebetaling. Dette er gjennomført og skal opp til evaluering til våren 2018. | x | | | |





Ut på tur –Ølen skule Foto: Ølen skule

## 5.2.5 VAKSENOPPLÆRINGA

### Hovudtrekk oppgåver og drift 2017

Vaksenopplæringa er i løpet av 2017 gått frå å vera ein del av Ølen skule til å vera ein del av eininga Kultur- og læringssenter. Tal på 54 deltakarar ved norskopplæringa, førte til at vaksenopplæringa i januar/ februar måtte låna lokale midlertidig på Rådhuset, men etter sommaren tok ein i bruk lokale i gamle PPT, tilhøyrande Ølen skule. Skulen ser fram til at mange år med midlertidige løysingar snart er over og til å få samla kollegaer og elevar under eit tak i det nye Kultur- og læringssenteret.

Skulen har gjennom året gitt opplæring til vaksne innvandrarar i norsk og samfunnskunnskap etter Introduksjonslova. Skulen gav også spesialundervising for vaksne etter Opplæringslova. Skulen legg vekt på å tilpassa for den einskilde og ha ei drift som er effektiv og målretta. Målet er at deltakarane skal koma seg vidare i ordinært skule- og eller arbeidsløp. Vaksenopplæringa ser at samarbeidet med lokalt næringsliv om praksisplassar er særs viktig og positivt i så måte. Det er viktig å sikra overgangen mellom opplæring i norsk og kvalifisering vidare til formell utdanning og eller jobb.

Det vart hausten 2017 investert i og gitt opplæring i nytt fagsystem 2017, Visma vaksenopplæring. Dette vart formelt teke i bruk 15. januar 2018. Det er også investert i Visma flyktning, dette for å kunna leggja til rette for godt samarbeid med programrådgjevar. Elles er implementeringa av nynorsk som opplæringsspråk godt i gang. Alle dei nye som starta i haust, starta med nynorsk som opplæringsspråk. Vindafjord vaksenopplæringa har fått eiga facebook-side, ein god kanal for informasjon og kommunikasjon både for deltakarar og bygdefolk.

I oktober gjennomførte vaksenopplæring prosjektet *Gå for TV – aksjonen.* Inntektene i år gjekk til skulegong for born i krigsherja område. Naturleg nok, var dette eit formål som motiverte våre deltakarar. Med god støtte frå næringslivet, og logoane deira på startnummeret gjekk me inn kr 22 100 til TV- aksjonen 2017.

Gjennomsnittleg fråvær 2017: 4,65 %

### Økonomi

Tenesta er drifta i tråd med budsjett, og leverte eit mindreforbruk på kr 24 742.

| Strategiar og tiltak i 2017 - resultatvurdering | | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| 5.2.5.1 | Prosjekt med fullt program 1. år, delvis 2. år for deltakarar i introprogrammet.<br><br>Effekten av prosjektet ser ein ved at mange er komne opp på eit godt og forståeleg norsknivå innan desse to åra. Samarbeidet med NAV/program-rådgjevar når det gjeld individuell plan og kvalifisering er avgjerande. Spesielt i høve språkpraksis og kvalifisering mot vidare utdanning og eller arbeid. | x | x | | |
| 5.2.5.2 | Innflytting i nytt hus.<br><br>Bygginga av det nye Kultur- og læringssenteret er kome i gang. Innflytting er berekna om lag ved årsskiftet. | | x | | |

## 5.2.6 PPT

### Hovudtrekk oppgåver og drift 2017

PPT for Etne og Vindafjord kommune er sakkunnig organ knytt til opplæring heimla i barnehagelova kap 5 V A, §19 og opplæringslova §5.1. PP-tenesta har oppgåvene knytt til 14 barnehagar, 11 skular og vaksenopplæring på grunnskuleområdet med spesialpedagogiske behov. Tenesta skal hjelpa barnehage og skule i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggja opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov. Som første prioritet skal sørgja for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det. Det er 7,2 årsverk knytt til tenesta. Kvar barnehage og skule har ein fast kontaktperson ved PPT. Dei tilsette har kontorstad på Rådhuset i Vindafjord.

### Økonomi

Sjukefråvær i 2017 var 1,4 %.

Rekneskap og budsjett er i balanse. Meirforbruk på kr 20 684 har samanheng med høgare pensjonskostnader enn berekna.

| Nøkkeltal Vindafjord | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| Antal individsaker Vindafjord | 243 | 236 | 236 | 225 |
| Sakkunnige vurderingar barnehage* | 2,9% | 3,0% | 2,7% | 2,6% |
| Sakkunnige vurderingar skule* | 9,3% | 8,7% | 8,9% | 7,1% |

| Nøkkeltal Etne | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| Antal individsaker Etne | 132 | 132 | 109 | 101 |
| Sakkunnige vurderingar barnehage* | | | 3,4% | 2,46% |
| Sakkunnige vurderingar skule* | 14,1% | 12,5% | 9,9% | 9,6% |

| Strategiar og tiltak i 2017 - resultatvurdering | |
|---|---|
| 5.2.6.1 | Utarbeida plan for «Kvalitet og strategi»<br>Utdanningsdirektoratet sine kvalitetskriterium for PPT vert jobba med. Arbeid med plan er starta og er knytt til utvikling for PPT, barnehage- og skule. Planen vert vidareutvikla saman med eigar for PPT i Etne og Vindafjord. |
| 5.2.6.2 | Logoped<br>Det vart i august 2017 tilsett rådgjevar ved PPT med logopedkompetanse. Tilsett med logopedkompetanse bidreg med rettleiing i barnehage og skule. Målet er tidleg innsats for barn og unge med språk- og kommunikasjonsvanskar. PPT har delteke i arbeid med å utarbeida rettleiar for utøvande logoped. PPT har tilsett 30% stilling meir enn avtalt stillingsheimlar og leiger ut utøvande logopedteneste til spesialpedagogisk opplæring i Etne og Vindafjord. Det er også kome spørsmål frå andre kommunar om kjøp av tenester. |
| 5.2.6.3 | Kompetanseheving for assistentar knytt opp mot barn med spesialpedagogiske tiltak<br>PPT rettleier assistentar på planleggingsdagar, kursdagar, i personalmøte og i saker for enkeltbarn. Det er leiar i barnehage og skule som legg til rette for slik rettleiing. PPT si COS-rettleiing for personalgrupper og kurs i «Psykologisk førstehjelp» har inkludert assistentar. |
| 5.2.6.4 | Innkjøp av nytt fagsystem<br>Gammalt fagsystem, Visma PPI, vart avslutta 31.12.17. Fullelektronisk fagsystem, Visma Flyt PPT, vart teke i bruk frå 01.01.18. |

## 5.2.7 KULTUR

### Hovudtrekk oppgåver og drift 2017

På kulturområdet var det balanse i budsjettet ved årsslutt. Eininga har i løpet av året skifta namn til Kultur- og læringssenter, men vil først frå 2018 vera fullstendig knytt saman i høve til budsjett og anna planarbeid. Eininga vil bli samla og lokalisert i det nye Kultur- og læringssenteret i Ølen mot slutten av 2018. Eininga består av kulturskule, vaksenopplæring, bibliotek, frivilligsentral, ungdomsarbeid og ålment kulturarbeid. Denne nye administrative organiseringa av eininga er viktig, og nytt hus for kultur og læring vil gi eit stort løft for kulturtenestene i kommunen. Samarbeid med lag og organisasjonar og frivillig sektor er viktig, samt samarbeid med andre einingar.

Kulturskulen hadde ved GSI-teljing i oktober 2017, 220 elevar i grunnskulealder, og 14 over. Skulen hadde 257 elevplassar og 41 på venteliste. Dette er ein liten nedgang i ventelistene. Drifta har vore stabil, og resultat økonomisk er innanfor budsjett. Skulen har gjennomført om lag like mange konsertar og utstillingar som tidlegare år. I tillegg har ein teke hand om dei faste oppdraga med speling på omsorgssentra og for kommunestyret.
I høve til arbeidet med bygging av det nye Kultur- og læringssenteret, har kulturskulen søkt om, og fått tilskot på kr 25 000 til akustisk utredning, og er gitt eit tilskot med tilskotsramme på inntil kr 1 235 000 frå Musikkutstyrsordninga til bygging av 6 øvingsrom. Tilskotet til utredninga (som er ferdig) er utbetalt, og det vi får til bygging av øvingsromma vert utbetalte når arbeidet er utført.

Biblioteket har i tillegg til utlån og formidlingsverksemd hatt 11 arrangement for vaksne med 398 deltakarar, og 6 arrangement for barn med 281 deltakarar. Hausten 2017 har det vore arrangert åtte språkkafetreff. Dette er eit prosjekt som har som mål å leggja til rette for dei som ønskjer å trena på å snakka norsk. Biblioteket har tre ulike prosjekt gåande, to av desse i samarbeid med Tysvær bibliotek. Med støtte frå Nasjonalbiblioteket er det og i år driven bibliotekteneste i Sandeid fengsel. I tillegg til utlån av bøker vart det arrangert forfattarbesøk, føredrag, konsert, strikke-kafe, innleveringslotteri og quiz.

Vital og sentral

Nøkkeltal frå Vindafjord bibliotek

| Utlån | 2016 | 2017 | Differanse | Diff. % |
|---|---|---|---|---|
| Barn | 12.664 | 13.058 | +394 | 3,1 |
| Vaksne | 10.953 | 10.464 | -489 | 4,5 |
| Totalt | 23.617 | 23.522 | -95 | 0,4 |
| E-bøker | 2.068 | 4.404 | 2.336 | 113 |
| Besøk | 12.004 | 12.305 | + 301 | 2,5 |
| Bokkassar skule | 42/1335 | 40/1300 | -35 | |
| Bok i butikk | 3098/1280 | 3734/1484 | 636/204 | |
| Ølen senter | …./790 | 1787/823 | …/33 | |

Frivilligsentralen har hatt eit godt år med tanke på nye frivillige. 5 stk under 35 år melde seg til ulike oppdrag i løpet av året, totalt 40 frivillige. Det vart drive ulike aktivitetar som kveldskafe for kreftramma ein gong i månaden, minimix-butikk som sel baby-/barneklede og utstyr til ein billig penge, *Camp Vindafjord* i vinterferien 2017 med 75 barn på-meldt. Det er vidare arrangert symjekurs i lag med idrettslaget, «Mor og barn»-treff, og Prosjekt *Språktreff.* Dette siste starta i august 2017 med utflukt til Bjoa. Etter dette har ei fast gruppe hatt treff på frivilligsentralen anna kvar måndag. Frivilligsentralen har søkt og fått midlar frå Gjensidigestiftinga, kr 100 000, SR-bank stiftinga, kr 30 000 og Integrerings-tilskot frå Vindafjord kommune på kr 20 000. Desse blir nytta til ulike prosjekt og aktivitetar spesielt for barn og unge. Frivilligsentralen har også dette året hatt to besøkshundekvipasjar under utdanning. Hundane skal snart opp til praktisk prøve, og vil då vera klar for trivelege og meiningsfylte besøk på kvar sin sjukeheim i kommunen. Ein raus avtale med Suldal billakkering som gjer at sentralen kan stillamed gratis bil til disposisjon til mengdetrening (øvingskøyring) for ei gruppe som har som mål å ta sertifikat. Fortsatt kommunal drift av frivilligsentralen vart vedtatt i desember 2017.

Gjennomsnittleg fråvær 2017 blei 6,8 %, noko som er godt over målsetjinga med 4 %. Eininga er lita og kvar sjukemeldt vil difor slå godt ut på statistikk. Det vert likevel arbeidd med mål om å koma under 4%.

## Økonomi

Økonomisk gjekk ein ut med eit mindreforbruk på kr 233 585 for tenesteområdet. Kulturskulen og ulike tilskots-ordningar har unytta midlar, medan det er meirforbruk på Frivilligsentralen og Kulturadministrasjonen

| Strategiar og tiltak i 2017 - resultatvurdering | | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| 5.2.7.1 | Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø<br>Planen vart lagt til høyring rett før årsslutt. Plan og sak blir ferdigstilt april 2018 | x | x | x | x |
| 5.2.7.2 | Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturbygg<br>I rute. | x | x | x | x |
| 5.2.7.3 | Prosjekt bygdebøker<br>Arbeid med bøkene er godt i gang og blir vidareført. Trykking og ut-gjeving er utsett grunna manglande finansiering. Manus er ikkje ferdig i 2017. | x | x | | |
| 5.2.7.4 | Etablera den nye eininga Kultur og læringssenter<br>Etableringa er gjennomført. | x | x | | |
| 5.2.7.5 | Sak om idareføre frivilligsentralen<br>Det blei vedtak om fortsatt kommunal drift i desember 2017 | x | | | |
| 5.2.7.6 | Leggja om ungdomsarbeidet ved m.a å avvikla ungdomsklubbane i si noverande form<br>Drift av ungdomsklubbane er avvikla. Ny form og endring vil skje over tid, og kan mogleg sjåast i samband med organisering og drift av nytt Kultur – og læringssenter. | x | | | |

Vital og sentral

## 5.2.8. SLT- Samordning av Lokale kriminalitetsførebyggandeTiltak

### Hovudtrekk oppgåver og drift 2017

Hovudtrekk i SLT året.  Det vart tidleg i 2017 gjennomført «Ung i Vindafjord» i alle 8. klassane i kommunen. Det omfatta 3 foreldremøte pr. skule, lærarkurs og gruppeleiarkurs. Opplegget krev om lag 20 undervisningstimar for elevane  og tek føre seg tema som rus, digital dømmekraft og helse, i eit førebyggande perspektiv.

Vindafjord er ein AV-OG-TIL kommune og har i 2017 hatt 3 kampanjar med tema «Kjipe foreldre», rus og trafikk og rus og arbeidsliv, retta mot julebordsesongen. I tillegg har helsestasjonen samtalar om temaet «Kor mange glas tåler barnet ditt», med foreldre til alle på 4. trinn i kommunen. Grannar har dekka fleire av kampanjane med positiv omtale.

Det vart i regi av SLT koordinator arrangert 2 temadagar med fokus på doping. Om lag 600 personar fekk høyra Antidoping Norge sin føredragshaldar Morten Heierdal. Temadagane vart arrangert for alle 10. klassingane i Vindafjord og Etne, Vg1 og Vg2 ved Lundeneset og Ølen vgs, både innsette og tilsette i Sandeid fengsel, lokalt politi og fleire kommunalt tilsette med interesse for tema. Tilbakemeldingane var framifrå. Opplegget fekk sponsormidlar frå fleire av dei lokale Lions klubbane, samt Frisk treningssenter. Temadagane er evaluert av dei involverte, og vil halda fram med å bli arrangert kvart 3. år.

SLT koordinator deltek i eit interkommunalt nettverk saman med andre SLT koordinatorar i distriktet. Desse treffpunkta er viktige for det lokale arbeidet i kommunen. Det blir  jobba med felles problemstillingar og forslag til tiltak i eigne kommunar.

Året slutta om lag slik det starta. Me sette i gong ein ny runde «Ung I Vindafjord», som strakk seg over i det nye året.

Revidert SLT handlingsplan 17-19 vart godkjend i Politiråd i haust, og aktiviteten i handlingsplanen vart rapportert til Politirådet to gonger, også dette året.

### Økonomi

Tenesta gjekk om lag i balanse, med eit meirforbruk på kr 8 073. Etne er vertskommune for SLT-arbeidet. Vindafjord sin del var på kr 511 927.

| Strategiar og tiltak i 2017 - resultatvurdering | | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| 5.2.8.1 | SLT koordinator - avvikling av ordninga<br>Det er ikkje tatt initiativ til avvikling av ordninga i 2017 med bakgrunn i budsjettvedtaket | x | x | | |




Tema ‘Rusfri trafikk’ Foto:Vindafjord kommune

# 5.3 RAMMEOMRÅDE HELSE- OG OMSORG

**Rammeområdet omfattar**

Rammeområdet omfattar følgjande einingar: barnevern, helse og psykiatri, tilrettelagde tenester, Vindafjordtunet, Ølen omsorgssenter, Tenestekontor og NAV. I tillegg er kommune-overlege og smittevern-overlege underlagt området.

## 5.3.1. Resultat for rammeområdet

### Hovudtrekk oppgåver og drift 2017

Kommunen har så langt råd er gitt tenester som er tilpassa den einskilde sine behov for naudsynt helsehjelp og hjelp i heimen. Målsetjinga har vore at ein skal ein leggja til rette for at dei fleste kan bu og motta tenester i eigen bustad i alle livsfasar. Tenestene skal bli ytt på ein slik måte at ressursane vert nytta saman med brukarar og pårørande sine ressursar. Ein har så langt råd er lagt til rette for at tenestemottakar sjølv tek ansvar for eigen livssituasjon.

Det er framleis ei permanent utvikling der kommunen gir tilbod til fleire alvorleg sjuke enn før. Fleire pasientar på institusjon og i heimetenestene treng meir hjelp og meir spesialisert hjelp. Fleire pasientar har behov for to-til-ein eller ein-til-ein bemanning.

Tenestene er utfordra på å imøtekoma dei behova som er i befolkninga. Den demografiske utviklinga viser at talet på eldre vil auka frå 2025. Aldersbæreevna er allereie i nedgang. I tillegg viser talet på unge som har behov for tenester også meir auke enn før. Ein må nytta denne tida som eit handlingrom til å utvikla tenestene slik at ein kan vera budd på det som kjem. Til dømes ved å ta i bruk kvardagsrehabilitering, som ein har gode resultat med i kommunen så langt. Dette krev ekstra ressursar i ein startfase, men vil kunna gje innsparing på sikt. Velferdsteknologi er også eit tiltak ein bør satsa sterkt på.

Kommunen starta opp nytt tenestekontor 01.01.2017. Tenestekontoret sakshandsamar alle søknader om helse- og omsorgstenester i Vindafjord kommune. Tenestekontoret fattar alle vedtak om tenester. Tenestekontoret samarbeider tett med einingane om tildeling og ressursbruk. I tillegg samhandlar ein med Helse Fonna, fastlegar og andre eksterne partar. Tenestekontoret er tillagt koordinerande eining i Vindafjord kommune.

Det er innan pleie- og omsorgstenestene stadig større krav til kompetanse og utstyr, fordi brukarane er stadig sjukare. I tillegg har ein hatt utbrot av MRSA-smitte, som har medført store ekstrautgifter. Store ressursar har gått til å bekjempa smitten. Inntaksstopp i institusjon som følgje av dette, har medført større press på heimetenestene. Ein har måtta kjøpa institusjonsplassar frå andre, og mottak frå sjukehus har vore lågt. Innan desse tenestene har ein også fått auka omfang av ressurskrevande brukarar. Sjølv om utgiftene til desse til ein viss grad blir refundert frå staten, har ein ikkje ressursar til å handtera det, verken økonomisk eller personalmessig. I nokre tilfelle kjøper ein tenester frå private.

Med den situasjonen som her er beskrive, har det blitt mindre tid til å fokusera på utviklingsarbeid i det daglege. Noko har ein likevel fått til. Det er t.d. etablert ei gruppe på tvers av einingane innan rammeområdet, for å sjå på måtar ein kan nytta velferdsteknologi i framtida. Det er også eit mål å få til større grad av habilitering/rehabilitering, slik at brukarar kan bu lengre i eigen bustad. Ein legg vekt på god samhandling innan tenesteområdet. Ein har også fått til eit kompetanseløft innan utvalde område for nokre fagarbeidarar.

Det blir arbeidd med ein overordna plan for omstilling innan tenesteområdet. Dette for å stå betre rusta til framtidige utfordringar.

### Økonomi

| | Regnskap | Budsjett | Buds(end) | Avvik(per.) | %- |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2017 | 2017 | 2017 | 0 | forbruk |
| Utgifter | 310 629 237 | 268 689 296 | 293 314 084 | -17 315 153 | 105,9 |
| Inntekter | -90 399 406 | -53 897 043 | -75 815 176 | 14 584 230 | 119,2 |
| Netto utgifter | 220 229 831 | 214 792 253 | 217 498 908 | -2 730 923 | 101,3 |

Rammeområdet har stort meirforbruk, sjølv med auka inntekter i høve ressurskrevjande brukarar. Dei viktigaste årsakene er generelt meir krevande tenesteproduksjon, rekrutterings-utfordringar og MRSA-utbrotet. Barneverns-tenesta og legevakta har også gitt stort meirforbruk.

| Utfordringar |
| --- |
| • Utvikla betre budsjettstyring |
| • Rekruttera nok personell |
| • Gjennomføra driftsgjennomgang og iverksetja ny organisering i PLO |
| • Iverksetja ny Bustad sosial handlingsplan |

| Strategiar og tiltak i 2017 - resultatvurdering | | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
| --- | --- | --- | --- | --- | --- |
| 5.3.1.1 | Revidera helse- og omsorgsplan 2015 - 2020 | | | x | |
| 5.3.1.2 | Revidera Bustadsosial handlingsplan<br><br>Arbeidet er starta opp. Sak til kommunestyret første halvår 2018 | | x | | |

## 5.3.2 Pleie og omsorgstenester

**Hovudtrekk oppgåver og drift 2017-Pleie og omsorgstenester**

Kommunen har to omsorgssenter, Vindafjordtunet og Ølen omsorgssenter. Kommunen er delt i to geografiske område og dei to omsorgssentera driv tenester både inne på institusjon og ute i heimane, i kvart sitt område. I tillegg er alle andre tenestetilbod innan pleie- og omsorg lagt til desse einingane.

| Nøkkeltal Pleie og omsorg | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| Heimesjukepleie, tal brukarar | 408 | 337 | 390 | 395 |
| Tal institusjonsplassar | 87 | 87 | 81 | 82 |
| Praktisk bistand/heimehjelp, tal brukarar | 218 | 165 | 176 | 178 |
| Institusjonsopphald kort/langtid, tal brukarar | 277 | 249 | 261 | 210 |
| Avlastning institusjon, tal brukarar | | | 49 | 65 |
| Tal utskrivingar frå sjukehus (der det er trong for oppfølging) | 331 | 267 | 324 | 384 |

PLO tilbyr tenester som er tilpassa den einskilde sine behov for naudsynt helsehjelp og hjelp i heimen. Ein tryggjar brukarane av heimetenester ved å tilby institusjonsplass ved akutte behov. Vidare legg ein til rette for at dei fleste kan bu i eigen bustad i alle livsfasar. Ressursane vert nytta saman med brukarar og pårørande og skal bidra til at teneste-mottakar sjølv tek ansvar for eigen livssituasjon.

Det har vore utfordringar kring å rekruttera sjukepleiarar. Dette gjeld særskild på natt. Dette arbeidet har ein jobba kontinuerleg med og det er ei partssamansett gruppe som arbeider med å finna dei gode og rette rekrutteringstiltaka. Det har og vore utfordrande å få rekruttert rett kompetanse til små helgestillingar. Etter prosjekt på Ølen omsorgs-senter med auka grunnbemanning/vikarpool, har og Vindafjordtunet nå fått moglegheit til å auka og etablera faste vikarstillingar. Dette har ført til at ein kan lysa ut fleire større stillingar.

Meirforbruket innan PLO skuldast fleire brukarar som er å rekna innan gruppa med trong for ressurskrevjande tenes-ter og MRSA utbrot ved Ølen omsorgssenter. Dette har medført overbelegg ved Vindafjordtunet, kjøp av institusjons-plasser i andre kommunar og overliggedøgn i Helse Fonna.

Ein har fått auka tal på leiarar med formell leiarkompetanse. Vindafjordtunet har i tillegg hatt fokus på auka dokumentasjonsferdigheiter for fagarbeidargruppa.

MRSA-utbrotet ved Ølen omsorgssenter har gjort at situasjonen er ytterlegare forverra i høve rekruttering og økono-misk meirforbruk. Store ressursar har gått med til bekjempa dette. Dette har gått ut over tilbodet om institusjonsplass, men også reduksjon i tilbodet til heimebuande. Ein har ikkje greidd å ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus i same grad som før. Det er kjøpt to institusjonsplasser i Etne ein avgrensa periode på ettersommaren.

Pleietyngda er stadig aukande innan tenesteområdet. Dette har medført eit anna kompetansebehov og dyrare innkjøp av medisinar og medisinsk forbruksmateriell. Nokre pasientar kjem inn under omgrepet «ressurskrevande» på den måten at dei treng personell rundt seg heile døgnet. Her blir det også kjøpt tenester frå private aktørar.

Utgiftene til dei ressurskrevande brukarane vert til ei viss grad refundert frå staten, men grunnkostnaden for kommunen er likevel stor. Tenesteområdet er ikkje dimensjonert til handtera mange slike. Det er denne som utgjer størsteparten av meirforbruket.

Rekruttering til faste stillingar, særleg innan sjukepleiefaget, er ei utfordring. Sjukefråveret er høgt. Dette medfører innleige av vikarar og bruk av vikarbyrå. Totalt er dette krevande å handtera.

Sjukefråvær ved Ølen omsorgssenter var 9,2 prosent. Det var 2,2 prosent over målet. Det er gjennomført ulike tiltak for å redusera sjukefråværet. M.a. forsøk med høgare grunnbemanning, fokus på bruk av hjelpemidlar og rett forflyttings-teknikk, samt kontinuerleg IA-arbeid.

Sjukefråvær ved Vindafjordtunet var 10,5 prosent. Det var 3 prosent over målet. Dette er ein auke på 2,2 prosent frå 2016. Medan korttidsfråværet har gått ned har langtidsfråværet auka. Personalet rapporterer om eit høgt arbeidspress i lenger periodar. Noko skuldast truleg auka press på heimetenesta og overbelegg på institusjonen i samband med MRSA smitte ved Ølen omsorgssenter. Elles er forholdsvis lite av fråværet meldt å vera arbeidsrelatert. Det har vore arbeidd kontinuerleg med tilrettelegging, og ein del ekstra innleige av personale for å minska belasting i dei travlaste periodane. Ein har og kjøpt inn nye hjelpemiddel for å letta forflytting. Mindre leiarressursar deler av året har gjort at ein ikkje har klart å fylgja opp alt fråværet så tett som ein skulle ynskje.

På Vindafjordtunet har ein betydelig auke i meldte avvik. Mesteparten av desse er knytt til avvik meldt frå reinhalds-personalet om funn av tablettar på golv. Desse avvika blei i liten grad meldt tidlegare og ein har dermed liten grunn til at omfanget av problemet er større enn tidlegare år.

Arbeidet med å sjå på ny organisering av PLO pågår, og arbeidet er planlagt ferdigstilt i 2018.

Ein har over år hatt brukar- og pårøranderåd på Ølen omsorgssenter. Det er stort sett gode tilbakemeldingar på tenes-tene. Færre klager, både uformelle og formelle. Vindafjordtunet har starta arbeidet med å iverksetja brukarmøte. Ein har arbeidd  målretta for at innbyggarane skal ha eit individuelt tilpassa tenestetilbod. Det er fokus på eigenmeistring og at innbyggarane skal kunna bu heime lengst mogleg.

Det har vort eit auka fokus på tverrfagleg samarbeid med t.d. fysioterapitenesta, psykisk helse og tilrettelagde tenester.

Fokus på å ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus så snart ein kan. Kommunen har betalt kr 499 176 for dei ein ikkje har klart å ta imot raskt nok. Det utgjer 108 døgn à kr. 4 622.

Arbeidsmiljøet har vore stort sett prega av innsatsvilje og trivsel. Arbeidspresset blir opplevd som høgt. Det pregar både arbeidsdagen og sjukefråværet.

Då ressursane hovudsakleg er dei same som før samhandlingsreforma og tilbodet vert gitt til fleire og andre brukar-grupper enn tidligare, vert det eit gap mellom behovet i tenesta og tildelte ressursar. Ei betre organisering av tenestene og fordeling av ressursane kan gje ei betre teneste til brukarane.

| Utfordringar |
|---|
| • Rekruttering av personell, spesielt sjukepleiarar. |
| • Gjennomføring av driftsgjennomgang og iverksetja ny organisering i PLO |
| • Vurdera døgnbemanna omsorgsbustadar til å bli eit reelt alternativ til varig plass i institusjon. |
| • Avklara og tilpassa institusjonane sin rolle og funksjon og endring av oppgåver og ansvar m.a. som fylgje av driftsgjennomgang på resultatområdet. |
| • Leggja til rette for meir teambaserte helse- og omsorgstenester og meir strukturert oppfølging av den einskilde. |
| • Ta i bruk velferdsteknologi for å få meir effektiv bruk av ressursar og auka kvalitet på tenestene |

## Økonomi

Ølen omsorgssenter har eit meirforbruk på kr 1 816 958
Meirforbruk er relatert til

- lønsutgifter knytt til fråvær av ulik årsak, særleg natt og helg
- lønsutgifter til ekstra innleige i samband med MRSA smitte
- utgifter til medisinar, medisinsk utstyr og forbruksvarer
- matvarer til institusjon og heimetenesta (fellesområde plo)

Vindafjordtunet har eit meirforbruk på kr 551 211
Meirforbruket er relatert til:

- Høgt arbeidspress i heimetenestene/omsorgsbustadane og periodar med ein-til-ein bemanning i demensomsorga.
- Lønsutgifter knytt til MRSA smitte ved Ølen omsorgssenter og behov for å drifta med overbelegg på Vindafjordtunet.

| Strategiar og tiltak i 2017 - resultatvurdering | | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| 5.3.2.1 | Gjennomgang av ressursbruk ift. oppdrag i heimetenesta, utarbeida tenestestandardar | x | x | | |
| 5.3.2.2 | Kvardagsrehabilitering som metode i heimetenesta<br>Prosjekt i drift, gode resultat våren 2017, hausten 2017 har ein ein kunna gjennomføra kvardagsrehabilitering | x | | | |
| 5.3.2.3 | Samla organisering av dagsentertenester for eldre<br>Under arbeid | x | x | | |
| 5.3.2.4 | Omlegging frå sjukeheim til omsorgsbustader med heildøgnsbemanning<br>Rapport om framtidig organisering av pleie- og omsorgstenestene ferdig oktober. Arbeidet held fram i 2018. | | x | x | |
| 5.3.2.5 | Etablera 3-5 «skjerma» plassar i institusjon<br>Ikkje gjennomført | x | | | |
| 5.3.2.6 | Styrking av omsorgssentra/omlegging av tenestestrukturen<br>Rapport om framtidig organisering av pleie- og omsorgstenestene ferdig oktober. Arbeidet held fram i 2018. | X | | | |
| 5.3.2.7 | Vurdera å etablera KØH-senger lokalt.<br>Positivt vedtak , men utsett grunna negativt vedtak i Etne. | | x | | |
| 5.3.2.8 | Evaluering av hukommelsesteam.<br>Gjennomført | x | | | |



Godt å vera ute når veret byr seg. Foto: Vindafjordtunet

## 5.3.3 TILRETTELAGDE TENESTER

### Hovudtrekk oppgåver og drift 2017

Eining tilrettelagde tenester gjev målretta miljøarbeid i heimane til brukarane. Tenestene er personleg, sosialt og fysisk tilpassa den einskilde sitt behov. Formålet er å fremja personleg vekst og utvikling, eigenmeistring og deltaking på lik linje med andre i samfunnet.

Eininga består av 3 bufellesskap som gjev heildøgns tenester, uteteneste og Gnisten som er eit arbeids- og aktivitets-senter.

| Nøkkeltal Tilrettelagte Tenester | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| Totalt tal brukarar med vedtak | 60 | 56 | 55 | 56 |
| Miljøarbeid | 14 | 13 | 11 | 25 |
| Støttekontakt | 24 | 25 | 27 | 27 |
| Avlastning | 8 | 9 | 10 | 10 |
| BPA | 0 | 3 | 4 | 3 |

Gnisten starta opp i nye lokale i januar. Det er etablert eit nytt tilbod, Vaktmeisterteamet, som er eit dagtilbod for menneske med utfordringar innan rus og psykiatri. Ved innflytting på Gnisten var det 12 brukarar, i dag er det 35 brukarar av tilbodet. Gnisten har jobba målretta og godt heile året med å sameina to personalgrupper til ei samla gruppe. Dei er godt synlege både gjennom vaktmeisterteamet som bidreg med praktiske oppgåver rundt i kommunen, med ei aktiv turgruppe og med stor suksess i Gnisten sin eigen butikk. Gnisten har jobba mykje med merkevarebygging og har mellom anna ei aktiv facebookside.

I 4. kvartal hadde eininga eit samla sjukefråvær på 15,3 %. Ein liten del av sjukefråværet er arbeidsrelatert og her har eininga sett inn tiltak.

Eininga hadde tilsyn frå Fylkesmannen i november der rapporten viser ulike avvik på systemnivå. Eininga skal innan februar 2018 ha levert inn tiltaksplan på korleis ein skal lukka avvika som blei meldt inn.

BPA blei lovpålagt frå 1. januar 2015. Eininga har i 2017 hatt 3 BPA ordningar i drift. Eine ordninga blei overflytta til Vindafjordtunet i juni 2017. BPA ordningane kosta eininga i 2017 om lag 2,6 mill kroner.

### Økonomi

Tenesteområdet hadde eit mindreforbruk på kr 2 209 889. Årsaka til dette er mindre aktivitet på eit av bufellesskapa, som følgje av midlertidig mindre behov. Mellom anna har ei av bueiningane vore ubrukt.

| Strategiar og tiltak i 2017 - resultatvurdering | | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| 5.3.3.1 | Etablera eit tverrfagleg aktivitetstilbod for fleire målgrupper og fleire «arbeidstakarar»<br>Gnisten er no staden der ein har samla aktivitetstilbod til fleire brukargrupper | x | | | |
| 5.3.3.2 | Oppfølging av bustadsosial handlingplan-<br>Byggja 7 nye bustader som erstatning for Seljebakken – og ta i bruk 4 «nye» omsorgsbustader.<br>Planlegging saman med brukarar og pårørande startar opp våren 2018. | | x | | x |
| 5.3.3.3 | Auka behov/omlegging av tenestestruktur<br>Gjennomgang av tenestene er gjennomført for å auka kapasiteten | x | | | |

## Utfordringar Tilrettelagde tenester

- Bygging av nytt bufellesskap (med avlastningsplassar) i Ølen, som erstatning for Seljebakken. Dette vil gje eit auka behov for personalressursar.
- Det er fleire mindre born i kommunen med store hjelpebehov. Desse barna vil ha behov for tilpassa hjelpetiltak framover, ma avlastningstiltak.
- Vaktmeisterteamet er no delvis drifta med tilskott frå Fylkesmannen. Det er ein forventning at kommunen skal fullfinansiera dette frå 2020. For å imøtekoma krava til Husbanken når det gjeld finansiering av Gnisten er ein avhengig av eit tal brukarar, m.a. brukarane som har tilbod i vaktmeisterteamet.
- Gnisten har hatt ei auke av brukarar på verkstad/aktiviteten etter flytting i nytt bygg. For å imøtekoma behova hjå nye brukarar, er det er behov for å auka personale tilknytt tiltaket.

# 5.3.4 HELSE- OG PSYKIATRITENESTER

Tenesta er inndelt i fleire ulike avdelingar og tenester:

## Hovudtrekk oppgåver og drift 2017 - helse- og psykiatri tenester

- Psykisk helseteneste for barn/unge, vaksne og heildøgnbemanna omsorgsbustader
- Skule/helsestasjon og jordmorteneste
- Legeteneste
- Fengselshelseteneste
- Fysio-/ergoterapiteneste
- Interkommunal legevakt Vindafjord/Etne
- I tillegg er leiar og koordineringsarbeid for det Psykososiale kriseteamet i kommunen lagt til einingsleiar.

Sjukefråveret i eininga har i 2017 vore på 4,7%. Målsetjinga har vore under 5%. Det har blitt registrert 29 avvik totalt i eininga.

## Økonomi

Eininga har hatt eit samla overforbruk på kr 2 040 691, dvs. om lag 5% av budsjettet som er på 40 886 984 kr. Undervegs i året har det blitt tilført midlar til legevakt. Det har ikkje vore lagt inn stor nok auke i samband med ny drift av den interkommunale legevakta.
*ROP –rus og psykiatri

## Hovudtrekk oppgåver og drift 2017 – psykisk helse vaksne

| Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| Aktive brukarar Psykiatrisk sjukepleie | 121 | 109 | 122 | 140 |
| Herav nye tilmeldte | 50 | 51 | 64 | 68 |
| Psykisk helse dagsenter | 51 | 49 | 43 | 32 |
| Miljøarbeid i heimen | 9 | 10 | 10 | 10 |
| Aktive brukarar i RUS/ROP* | | 27 | 26 | 32 |
| Aktive brukarar i Vaktmeisterteam | | | | 6 |
| Inn på tunet | | | 7 | 6 |

Innsøkjinga til psykisk helse og til rustilboda har auka. Det er større forventning til at det er kommunen som skal gi helsetilbod til desse gruppene. Tendensen til at mange unge blir henvist er aukande, trong for bistand kan vera forskjellig og mange treng tverrfagleg oppfølging.

I 2017 blei det stara opp igjen med Brukarråd for dagsenteret. Det er 5 dagaktivitetsplassar på Inn på Tunet. Vaktmeisterteam som er organisert under Tilrettelagde tenester er også eit godt tilbod til nokre av brukarane i psykisk helse/rus.
Bemanninga på Hauatunet vart frå 1. januar 2017 redusert med 40 % stilling, ressursane vart overført til tenestekontoret. Frå 1. september vart tiltaket tilført to ekstra årsverk pga. brukar som kjem i kategorien ressurskrevjande tenester.

Frå juni 2017 har ein samarbeidd med Seljebakken om elektronisk «overvaking» på natt. Ein psykiater og ein psykiatrisk sjukepleiar frå Haugaland DPS rettleiar personalet ca kvar 14. dag. Det vart innført faste brukarmøte frå våren 2017.

## Utfordringar psykisk helse vaksne

- Kvalitetssikring i tenesteutøvinga. Ønskeleg å ta i bruk eit nytt kartleggingsverktøy.
- Utvikla tenesta til å handtera krav og retningsliner som ligg i nasjonale føringar og retningsliner frametter
- Auka brukarmedverknad

## Hovudtrekk oppgåver og drift 2017 - fengselshelsetenesta

| Nøkkeltal Fengselshelsetenesta | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| Tal innsette som møtte til soning | | | 527 | 413 |
| Legemiddelassistert rusbehandling (LAR) | 25 | 46 | 56 | 29 |
| Legemiddelutdeling (Dosettar i snitt pr.veke) | 45 | 50 | 46 | 37 |
| Samtalar/konsultasjonar med lege/sjukepleiar | 5419 | 9531 | 5530 | 3867 |
| Samtalar/konsultasjonar med tryggleikstiltak | 73 | 87 | 56 | 43 |

Sandeid Fengsel har 88 plassar, 80 til menn og 8 til kvinner. I 2017 har det i store delar av året vore redusert belegg, m.a. med bakgrunn i at innsette ikkje møter til soning, og oppgradering av bustadlokaliteter. Redusert tal innsette viser også igjen i nedgang i konsultasjonar. Alle ny-innsette har ein innkomstsamtale, der ein kartlegg behovet deira for helsehjelp og oppfølginga under soninga. I 2017 hadde ca 50 innsette behov for abstinensbehandling, og ein ser ein auke innanfor alkoholabstinens. Det er etablert betre rutinar knytt til innsette som er under LAR behandling.

Prosjekt «Unge og rus» er eit samarbeid mellom Kriminalomsorga, Helse Fonna og Vindafjord kommune. Prosjektet er finansiert med midlar frå Fylkesmannen i Rogaland, og har i 2017 fungert veldig bra. Prosjektet pågår i utgangspunktet ut januar 2018.

## Utfordringar - fengselshelsetenesta

- Etablera hospitering ordningar for fagutvikling
- Etablera gode rutinar på fleire område og behalda nåverande etablerte rutinar.

## Hovudtrekk oppgåver og drift 2017 - helsestasjon, skulehelsetenesta, familieteam, jordmortenesta og smittevern

| Statistikk helsestasjon | | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|---|
| Fødselstal | | 115 | 95 | 115 | 109 |
| Framandspråklege | | 20 | 8 | 33 | 21 |
| Heimebesøk | | 115 | 95 | 115 | 109 |
| Samtaletid grunnskule | jenter | 322 | 287 | 557 | 570 |
| | gutar | 158 | 186 | 352 | 307 |
| Samtaletid vidaregåande | jenter | 127 | 145 | 227 | 282 |
| | gutar | 23 | 26 | 29 | 64 |
| Familieteam - aktive saker | | 121 | 116 | 118 | 86 |
| - nye saker tilmeldt | | 50 | 52 | 57 | 36 |
| Telefontolk i tenesta | | | 109 | 122 | 122 |

Helsestasjonen/skulehelsetenesta vart sommaren 2017 tildelt tilskot frå Helsedirektoratet. Tilskotet har vore nytta til å tilsetja fleire helsesøstre, fysioterapeut og lege. Tilskotet gjeld i fyrste omgang ut 2018, men ein har søkt vidare for 2019. Vindafjord kommune vart også i 2017 tildelt tilskotsmidlar frå Helsedirektoratet til prosjekt «Seksuell helse».

Vindafjord helsestasjon har i 2017 utført helsestasjonsprogrammet ut frå gjeldande rettleiar. Ein tilbyr gruppekonsultasjon i barselgrupper, 4 mnd og 10 mnd kontrollar. Open helsestasjon er godt besøkt.

Helsesøster i skulehelsetenesta er tilstades:

- 2-4 dagar pr. veke på skular med 1-10 trinn
- 1 dag i veka på skular med 1-7 trinn.
- 1 dag annakvar veke på Imsland og Bjoa skular.
- 4 dagar pr veke på Ølen vidaregåande skule frå hausten 2017
- 2 dagar pr veke på Lundeneset vidaregåande skule frå hausten 2017.

Psykologisk førstehjelp er ein reiskap helsesøstrer brukar mykje i samtale med barn. Helsesøster tilbyr undervisning i psykisk helse til elevane i VG1. Ein deltek også i felles arrangement for russen ilag med SLT-koordinator og politi.

Problemstillingar helsesøster møter er allsidig, men det er ein auke i behovet for hjelp i høve til psykisk helse, til depresjon, sjølvskading, skilsmisser, einsemd, mobbing og vanskelege heimeforhold. Me opplever også eit auka behov for rådgjeving til føresette til born med vekstproblematikk og samspelsproblem. Det er lite reservasjonar mot vaksinering i kommunen.

Jordmor går på heimebesøk til alle nybakte foreldre, 1-4 dagar etter heimkomst. Dette er et viktig førebyggjande tiltak som er med å ivareta mor og det nyfødde barnet. Tilbodet vert gitt i tett samarbeid med helsesøster.

Familieteamet har gjennom 2017 hatt 86 aktive saker og 36 nye tilvisingar. Barne- og familierettleiarane vart lagt inn under Helsestasjon frå 1.1.17 og endra namn til Familieteam. Tenesta vart redusert med 50% stilling, reduksjonen har i periodar medført venteliste og deltakinga i noko fagarbeid er redusert. Cos-p (foreldrerettleiingsprogram, kor målet er å fremja trygg tilknyting mellom foreldre og barn) har vore eit satsingsprosjekt. Familieteamet er utvida med 1 stilling frå Barnevernet i 2017, ein jobbar med tiltak frå barnevernet. Dette er eit nybrottsarbeid som har gitt positive effektar.

## Hovudtrekk oppgåver og drift 2017 – smittevern og vaksinar

| Nøkkeltal smittevern og vaksiner | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| MRSA oppfølging helsestasjon | | | 9 | 9 |
| Tuberkulose Screening | | 36 | 86 | 45 |
| Smitteoppsporing Tuberkulose | | | 20 | 0 |
| Klamydiaprøver | | | | 11 |
| Vaksiner flyktningar | | | 140 | 66 |
| BCG-vaksine | | | 29 | 35 |
| HPV-vaksine | | | | 170 |
| Influensavaksine-tilsette | | | | 32 |

I 2017 var det avsett 80% sjukepleiarstilling og 20% legestilling til smittevernarbeid.

Det vart konstatert MRSA-smitte på Ølen omsorgssenter våren 2017 og smittevernlege med personell frå helsestasjonen har vore med i smitteoppsporinga. Helsestasjon har ikkje hatt det praktiske arbeidet, men hatt mykje arbeid relattert til rådgjeving til helsepersonell og pårørande. Ein har jobba aktivt innanfor vaksinering og oppfølging av tuberkolose, HPV-vaksinering, influensavaksine, smittsam hjernehinne-vaksine på dei vidaregåande skulane, og klamydia prøvetaking.

## Utfordringar helsestasjon, skulehelsetenesta, familieteam, jordmortenesta og smittevern

- Vidareføring av midlar frå Helsedirektorat for å oppretta det førebyggande tilbodet
- Rekruttering av sjukepleiarar med helsesøsterutdanning.
- Oppretta tverrfagleg flyktninghelseteam i kommunen
- Oppretta vaksine kontor
- Oppretta Helsestasjon for ungdom

## Hovudtrekk oppgåver og drift 2017 – fysio- og ergoterapitenesta

I oktober 2017 vart det oppretta ei 50% prosjektstilling for fysioterapeut tilknytt helsestasjon og skulehelsetenesta. Tenesta hadde i 2017 hovudansvar for drift av prosjektet med kvardagsrehabilitering. På grunn av m.a. MRSA-utbrot på Ølen omsorgssenter og stort behov for tenester i heimetenesta, har kvardagsrehabilitering ikkje vore utført i siste halvdel av 2017.

Tenesta behandlar flest born og heimebuande eldre og har ansvar for hjelpemiddelsøknadar. Ventelista for born, heimebuande eldre og korttidspasientar på institusjon er kort, mens langtidspasientane på sjukeheimane i kommunen har eit redusert fysioterapitilbod.
Talet på førespurnader om heimevurderingar er stort. Dette er eit viktig tiltak i forhold til å få folk til å bu heime lengst mogeleg. Vindafjord kommune har låg fysioterapi- og ergoterapi- dekning sett i høve til innbyggartalet.

## Utfordringar

- Auka fysio- og ergoterapidekning i kommunen
- Innføra Kvardagsrehabilitering som metode i tenestene

## Hovudtrekk oppgåver og drift 2017 - legetenesta

I 2017 var målet å sjå på om det var mogleg å få til ei lik drift av dei tre legekontora i kommunen. Dette arbeidet er utsett til hausten 2018. Ein fastlege har sagt opp heimelen sin, og søkjeprosess etter ein ny lege er i gang. Det har vist seg å vera vanskeleg å rekruttera fastlege til denne heimelen. Ein har hatt behov for å leiga inn lege via vikarbyrå i fleire periodar i 2017.

## Utfordringar

Rekruttera fastlege til ledig heimel

## Hovudtrekk oppgåver og drift 2017 - interkommunal legevakt

| Nøkkeltal interkommunal legevakt | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
| --- | --- | --- | --- | --- |
| Ambulanseoppdrag | | | | |
| Akutt oppdrag | | | | 509 |
| hasteoppdrag | | | | 690 |
| Utrykning av lege saman med ambulanse | | | | 74 |
| Konsultasjonar i 2017 | | | | 2283 |

Etne/Vindafjord interkommunale legevakt har som hovudoppgåve å handtera alle medisinske nødstilfelle og behov for strakshjelp til befolkninga som til ei kvar tid oppheld seg i kommunane. Den interkommunale legevakta har nå vore i drift i heile 2017, og er eit godt tilbod til innbyggjarane i Etne- og Vindafjord kommunar. Det er god tilgang på kvalifiserte legar til å gå vakter. Det har til tider vore litt utfordrande å få tak i sjukepleiarar til vaktene. Vindafjord kommune har avtale med Haugesund legevakt om handtering av alle telefonar til legevakt (116117).Ved utgangen av året fekk Haugesund legevakt tilgang til same fagprogram (System X) som lokal legevakt, noko som gjer at vi no har felles avtalebok. Dette har ført til kvalitetsforbetring på dokumentasjon og informasjon, noko som fylkeslegen påpeikte i høve til legevakta.
Kostnadene til den nye legevakta er vesentleg høgare enn den tidligare ordning, dette kjem av at det er krav til tilstedevakt for lege og sjukepleiar. Dette gir eit kvalitativt betre tilbod til innbyggjarane i kommunane.

## Utfordringar

Evaluering av den interkommunale legevakta



Vaksinekontor er oppretta Foto: Vindafjord kommune

| Strategiar og tiltak i 2017 - resultatvurdering | | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| 5.3.4.1 | Samordning og effektivisering av førebyggande arbeid mot familiar<br>Oppretta Familieteamet under Helsestasjon, med 2 årsverk frå Helse og 1 årsverk frå barnevern. Ein jobbar tett saman med Helsestasjonen og andre avdelingar. | x | x | | |
| 5.3.4.2 | Samordning natteneste Psykisk helse og Tilrettelagde tenes-ter i Ølen<br>Tatt med 42,5% stilling i Psykisk helse - Hauatun pga. at det var uforsvarleg å ta ned stilling på natt. Ein samarbeider med Seljebakken på natt i forhold til ein brukar som treng ekstra oppfølging. Seljebakken har då kunna gått frå vakande til sovande nattevakt. | x | | | |
| 5.3.4.3 | Omlegging av legetenesta i Ølen og Vikedal<br>Rapport vert ferdigstilt i september 2017. Vidare arbeid utsett til hausten 2018. | | x | | |
| 5.3.4.4 | Kommuneoverlege-samarbeid med andre<br>Kommuneoverlege i samarbeid med andre er etter sonde-ringer stilt i bero. Ny kommuneoverlege og smittevern lege er tilsett. | x | | | |
| 5.3.4.5 | Legevakt – oppfølging av avtalar om nattevakt<br>Gjennomførast i løpet av hausten 2017 | x | | | |
| 5.3.4.6 | Investering og overtaking av «nye» Seljebakken | | x | x | |
| 5.3.4.7 | Koordinering kvardagsrehabilitering<br>Fungerte bra våren 2017, men har store utfordringar nå i haust. Grunnen er liten kapasitet ved omsorgsentra | x | | | |
| 5.3.4.8 | Kartlegging av behov for tenester for personar med ru-sutfordringar<br>Her vil ein bruka Brukarplan slik som i 2016. | x | | | |
| 5.3.4.9 | Kartlegging av bustadbehov for personar med psykiske li-dingar.<br>Kartlegging via Bustadsosial handlingsplan, ferdig hausten 2017 | x | | | |
| 5.3.4.10 | Stilling som psykolog innan helse og sosial | | | | x |

## 5.3.5 BARNEVERNTENESTA

### Hovudtrekk oppgåver og drift 2017

Etne og Vindafjord barneverntenеste har opplevd ein sterk vekst i aktivitet dei siste to åra. Sjukefråveret har stabilisert seg på eit lågare nivå ein tidlegare og ein har i periodar hatt full bemanning. Trenden med mange tilsette i lovfesta omsorgspermisjon held fram.

Tenesta har aldri levert så mange tenester, men opplever likevel at restansen veks. Spesielt utfordrande blei det å halde fristen - 3 eller 6 mnd - på undersøkingar.

Fylkesmannen i Rogaland avslutta sine tilsyn med tenesta sommaren 2017.

Barneverntenesta har inngått avtale om å løysa lovfesta akuttoppgåva utanfor kontortid saman med Tysvær og Sveio. Oppstart 01.02.18.

Barnevernfeltet er i sterk utvikling nasjonalt og lokalt. Etne og Vindafjord barneverntenеste vil frå hausten 2018 delta i tenestestøtteprogram i regi av Barne-, ungdoms-, og familiedirektoratet. Programmet tar sikte på å utvikla tenesta på sentrale område.

Satsingsområda i 2018 vil ut over dette vera:

*1.* **Tilstrekkeleg bemanning til ein kvar tid**
Eit viktig tiltak for å sikra kvalitet og utviking av tenesta er å ha tilstrekkeleg bemanning til ei kvar tid. Dei sei-naste åra har lovfesta permisjonar og anna fråvær ført til periodar med lågare bemanning.
*Tenesta har i løpet av 2018 vidareutvikla modellar for å sikra at lovfesta oppgåver blir løyst av kommunalt tilsette og dermed innanfor budsjett.*

2. **Utvikling av tiltak i familiane**
Det er ny kunnskap om kva tiltak er verksame for å støtta sårbare familiar og som kan førebyggja alvorleg omsorgssvikt. Som ei samlenemning vert desse tiltaka kalla for endringstiltak. Andre type tiltak er kompenserande tiltak og kontrolltiltak. Det er varsla at det statlege barnevernet BUFETAT vil få ansvar for færre endringstiltak frå 2020 og kommunane fleire. Gjennom Familieteamet har barneverntenesta organisert seg slik at dei er førebudd på dei strukturelle endringane som vil koma og fortset å dreia ressursbruken frå tiltak utanfor heimen til tenester i heimen. Aktiviteten aukar og kapasiteten er for låg. For å kunna levera gode tenester innanfor same budsjett vil det vere hensiktsmessig å flytta pengane frå kjøp av tenester til å løna tilsette.
*Barneverntenesta vil åleine eller saman med andre tenester i kommunen, søkja å tilsetja fleire som driv endringstiltak i heimane, då som alternativ til å kjøpa tenester.*

3. **Juridiske tenester på anbod**
Det føreligg eit vedtak på å leggja ut anbod på kjøp av juridiske tenester. Eigne tilsette advokatar vil kunna bidra meir i utviklinga av tenesta, samstundes som kostnaden vil bli lågare. Tenesta ser det som hensiktsmessig å avklara mogelegheita for å samarbeida med andre kommunar for å løysa oppgåva.
*Tenesta vil åleine, eller saman med andre barneverntenester, lysa ut anbod på kjøp juridiske tenester eller å gjera tilsetjing av juridisk ressurs.*

## Økonomi

Tenesta hadde eit meirforbruk på kr 3 028 558 ut over budsjettramma i 2017. Det skuldast i hovudtrekk aktivitetsvekst gjennom heile året og kjøp av sakshandsamartenester fyrste halvår. Kommunen betalar eigenandel til staten og kjøper tenester frå private og ideelle aktørar. Når aktiviteten aukar, har tenesta også kjøpt fleire tenester. Meirforbruket gjeld Vindafjord kommune.

| Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|
| Motekne meldingar | 88 | 126 | 157 |
| Fristoverskriding på avklaring av melding | 12,5% | 4,5% | 0% |
| Henlagde meldingar | 33 | 16 | 27 |
| | | | |
| Nye undersøkingar | 46 | 109 | 140 |
| Avslutta undersøkingar | 70 | 99 | 128 |
| Henlagde undersøkingar | 27 | 59 | 57 |
| Undersøkingar som ikkje var ferdigstilt innan fristen (3 eller 6 mnd) | 57 | 59 | 71 |
| Nye vedtak om tiltak | 37 | 36 | 68 |
| Ventar på tiltak per 31.12.2017 | 18 | 18 | 32 |
| | | | |
| Born med hjelpetiltak per 31.12.2017 | 35 | 42 | 54 |
| Born under omsorg | 24 | 26 | 32 |

| Strategiar og tiltak i 2017 - resultatvurdering | | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| **5.3.5.1** | Akuttberedskap barnevern – interkommunal<br>Vedtak er fatta, blir operativt i løpet av hausten. | x | | | |
| **5.3.5.2** | Sakshandsamar fast – vikar ved permisjonar mm<br>Innkjøp at saksbehandlingstenester er avslutta pr. juni 2017 og erstatta med kommunalt tilsette. | | x | | |

# 5.3.6 NAV– KOMMUNAL DEL

## Hovudtrekk oppgåver og drift 2017

NAV skal arbeida for å betra levevilkåra for vanskelegstilte slik at den einskilde får høve til å leva og bu sjølvstendig og ha eit meiningsfullt liv i eit sosialt fellesskap. NAV Vindafjord har ansvar for statlege arbeids- og velferdsoppgåver, økonomisk sosialhjelp inkludert krisehjelp og midlertidig husvære, kvalifiseringsprogrammet (KVP), FRAM, økonomisk rådgjeving, gjeldsrådgjeving og flyktningtenesta.

| Nøkkeltal NAV kommune | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| Tal som mottar økonomisk sosialhjelp | 129 | 144 | 183 | 160 |
| - under 18 år | 0 | 0 | 0 | 0 |
| - 18 – 24 år | 24 | 40 | 47 | 40 |
| - 25 – 44 år | 72 | 65 | 96 | 84 |
| - 45 – 66 år | 33 | 39 | 39 | 36 |
| - 67 år + | 0 | 0 | 1 | 0 |
| Unge under 30 år | 47 | 59 | 80 | 73 |
| Klientar med forsørgjaransvar for born under 18 år | 31 | 42 | 58 | 64 |
| Deltakarar kvalifiseringsprogrammet | 3 | 4 | 5 | 2 |
| Disponeringsavtalar økonomi | 17 | 25 | 34 | 37 |
| Avtale om aktivitet unge under 30 år | - | - | - | 30 (57) |

I 2017 hadde NAV kommune eit sjukefråvær på 10,1 %, Dette er ein auke på 4,4 % frå 2016. Det vart registrert 5 avvik på den kommunale delen i NAV.

Det har vore eit stort press på dei fleste tenestene i NAV. Som følgje av sterkt aukande pågang kombinert med vakansar og sjukefråvær, har ein ikkje kunna arbeidd målretta nok i høve til å få brukarane ut i utdanning, arbeid eller andre tiltak.

Det har vore ei utfordring med å få nok deltakarar til kvalifiseringsprogrammet. Då det har vore auka pågang i andre kommunale NAV tenester og lite bemanning så har kvalifiseringsprogrammet vore ein av dei tenestene som har blitt nedprioritert. Kvalifiseringsprogrammet skal vera med på å auka overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet.

I 2016 deltok NAV Vindafjord i ei eigenvurdering i regi av Fylkesmannen i Rogaland i forhold til tenestene økonomisk sosialhjelp, og opplysning, råd og rettleiing for unge mellom 17 og 23 år. Me avdekka nokre avvik i forhold til lovverket, og sette i gong tiltak. Effekten av tiltaka blei evaluert april i 2017, og desse avvika er no lukka.

Frå hausten 2016 og framleis har NAV Vindafjord samarbeidd med Ølen vgs der økonomisk rådgjevar underviser 2. klasse innan økonomi. Målet er å gi ungdommane ei forståing av alle sider av sin personlig økonomi. Dette samarbeidet har vore svært positivt.

I 2017 vart det utbetalt rundt 6,1 millionar på økonomisk sosialhjelp, Dette er totalt sett ein nedgang på kr 800 000 frå 2016. Av dei 6,1 millionane vart det i overkant av 1,4 millionar utbetalt til flyktningar i introduksjonsprogrammet, og litt over 1,7 millionar utbetalt til flyktningar som er ferdig med introduksjonsprogrammet utan å ha lukkast i å koma seg i arbeid eller utdanning. Det er ein redusert utbetaling på 1,2 millionar samla sett. Samtidig har det vore utbetala 400.000 meir på ordinær økonomisk sosialhjelp.

Det er eit mindreforbruk på kvalifiseringsprogrammet på 850.000 i forhold til budsjett. Dette grunna mindre deltakarar i programmet enn forventa. I 2018 vert dette arbeidet styrka med ein ny ressurs som skal jobba med dette samt aktivitetsplikta for unge under 30 år.
Noko av forklaringa på den totale nedgangen er at NAV Vindafjord har

- redusert satsane på økonomisk sosialhjelp
- det er busett færre flyktningar i 2017 enn 2016

Det er gjort endringar på den statlege ordninga arbeidsavklaringspengar (AAP) som kan medføra auke i utbetaling av økonomisk sosialhjelp. Dette kan virka inn på utbetaling av økonomisk sosialhjelp i tida framover.

Vindafjord kommune har vedtak om å ta i mot inntil 20 flyktningar i 2017.  Det var kun busett 2 flyktningar i 2017. I tillegg var det 3 familiegjenforeningar med totalt 9 personar.

Det høge talet busettingar i 2016 har skapt utfordringar for tenesta i 2017. Dette skuldast ikkje berre ressursar av tilsette, men også behov for bustader, plassar i vaksenopplæringa, praksisplasser og arbeidsplassar.

Busettinga i 2016 medførte at det vart oppretta fleire engasjement stillingar, for å handtera auka i busettingar. Desse stillingane vart avvikla sommaren 2017. Det vart og oppretta 1 prosjektstilling i forhold til arbeid og økonomi på NAV, denne går ut i juni 2019, men det vil jobbast med å få denne stillinga fast.

Deltakarar i introduksjonsprogrammet per 31.12.17 er 40 (kor av 2 er i permisjon).

I oktober 2016 etablerte NAV Vindafjord aktivitetstiltak(FRAM) for unge vaksne under 30 år med økonomisk sosialhjelp som hovudinntekt. Med målsetjing å få dei unge i arbeid eller utdanning. FRAM skal vera ein trygg og god plass som skal leggja til rette for utvikling, hjelpa til å sjå eigne ressursar, motivera og byggja opp sjølvtillit. FRAM tilbyr hjelp til å koma i arbeid og vera i aktivitet. Det er oppmøte 3 dagar i veka. FRAM har vore særs vellukka. 15 deltakarar har vore innom. Av desse har 12 gått vidare til utdanning, arbeid eller anna aktivitet.

## Økonomi

NAV – kommunal del kom ut med eit mindreforbruk på kr 705 119. Dette skuldast hovudsakleg at ein ikkje har leigd inn vikar, og at KVP-programmet har vore lite brukt.

| Strategiar og tiltak i 2017 - resultatvurdering | | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| 5.3.6.1 | Auka budsjett økonomisk sosialhjelp.  Utført. | x | | | |
| 5.3.6.2 | Aktivitetsplikt unge sosialhjelpsmottakarar (FRAM). FRAM har vore særs vellukka. 12 deltakarar har vore innom. Av desse har 8 gått vidare til utdanning eller arbeid. På grunn av vakanse i personalet har tiltaket ennå ikkje starta opp etter ferien. Det er dfor ikkje god nok oppfølging av aktivitetsplikten for sosialhjelpsmottakarar. | x | | | |

## Utfordringar - NAV

- Etablera, vidareføra og gjennomføra Kvalifiseringsprogrammet
- Organisering av flyktningetenesta



# 5.4 RAMMEOMRÅDE FORVALTNING, DRIFT OG UTVIKLING

**Rammeområdet omfattar:**
Rammeområdet omfattar einingane Areal og forvaltning, Kommunaltekniske tenester, Reinhald og Brann og redning.

## 5.4.1. Resultat for rammeområdet

### Hovudtrekk oppgåver og drift

Rammeområdet har eit bredt spekter av brukargrupper. Areal og forvaltning har mest utadretta oppgåver, medan reinhald og kommunaltekniske tenester i stor grad har interne brukargrupper. Det vert arbeida ein god del med samhandling mot eksterne aktørar i plan- og utbyggingssaker. Einingane deltek i fleire samarbeids- og samhandlingsfora. Gjennom samfunnsutviklarrolla til kommunalsjefen er rammeområdet aktivt med i utvikling av næringsliv, og i samspel med frivillig sektor og grendeutval.

### Økonomi

| | Regnskap | Budsjett | Buds(end) | Avvik(per.) | %- |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2017 | 2017 | 2017 | 0 | forbruk |
| Utgifter | 103 501 470 | 88 376 811 | 89 040 408 | -14 461 062 | 116,2 |
| Inntekter | -58 851 522 | -44 343 300 | -44 755 658 | 14 095 864 | 131,5 |
| Netto utgifter | 44 649 948 | 44 033 511 | 44 284 750 | -365 198 | 100,8 |

Rammeområdet hadde eit meirforbruk på kr 365 198. Avviket er hovudsakleg knytt til kommunalteknisk drift og vedlikehald, og brann/redning. Reinhaldsavdelinga bidrog med mindreforbruk.

### Utfordringar

Det er i fleire samanhengar peika på at rammeområdet har manglande kapasitet til å handtera alle forventningar. Dette gjeld kapasitet til planarbeid, vedlikehaldsoppgåver og  ikkje minst respons til brukarar som tar kontakt via epost, brev, telefon og ved direkte oppmøte.

Det vert arbeidd med å effektivisere drifta, men ein auke i ressursar og kapasitet er kanskje påkravd nå. Alternativt må ein redusera oppgåver og forventningar. Meirforbruket vart ikkje så stort som frykta i 2017. Dette skuldast stram styring. I tillegg fekk ein inn ekstra leigeinntekter på Dommersnes kai. Kommunen fekk også statlege midlar til konjunkturdempande tiltak.

## 5.4.2 Areal og forvaltning

### Hovudtrekk oppgåver og drift 2017

Sakshandsaming etter plan- og bygningslova, forureiningslova, eigarseksjonslova, matrikkellova, jordlova, konsesjonslova, skoglova, viltlova og naturmangfaldlova, samt forvaltning av ulike tilskotsordningar innan landbruk.

Handsama søknader, yta god service og gi god rettleiing til kundar innafor alle fagområda. Arbeida for eit aktivt landbruks-/skogbruksmiljø, positiv samfunnsutvikling med tilrettelegging av nye tenlege bustad- og næringsområde og bidra til omlegging av energibruken til fornybare kjelder og eit reinare miljø. Utarbeida kommunale planar som kommuneplan, områdeplan, kommunale reguleringsplanar mm.

Eininga har stort sett oppnådd resultat etter mål sett opp under målkartet under kap 3.3  i økonomiplanen. I forhold til sakshandsamingstid er vi betre enn målet for byggesak for 2017 og nær målet om under 300 dagar på plansaker. Framdrifta er god på innkomne reguleringsplanar som nå er til behandling. I lista under pågåande planoppgåver er svært mange av samferdselsplanane nå vedtekne.  Når det gjeld mål om positiv folketalsutvikling og 70 byggemeldte bustader når vi ikkje dette for 2017. Færre konsentrerte bustader til behandling saman med ein dårleg bustadmarknad er nok årsaka.

Høg fagkompetanse og god utvikling av fagleg styrke sikrar god forvaltning. Søknader handsamast i all hovudsak innan lovfesta tidsfristar og god fagleg samhandling sikrar kvalitet og god service.

Eininga har eit lågt sjukefråvær, og fekk faktisk blom for lågaste fråvær i 2017 på 0,7%. 2 gonger 15 min yoga i veka for alle på eininga bidreg til at typiske belastningsskader blir mindre.

Vital og sentral

## Økonomi

Eininga har 16 årsverk. Tenesteområda plan, oppmåling og byggesak er sjølvkostområde i ulik grad, der byggesak er eit 100% sjølvkostområde. Byggesakstakstane er justert over 2 år og skulle i 2017 føra til at vi kunne oppnå sjølvkost, noko tenesta også gjorde for første gong. Saksmengda varierer stort frå år til år og det vil difor ikkje vera mogleg å treffa på budsjettet kvart år. Store og mange kommunale planoppgåver resulterte i lite gebyrinntekter på plan. Gebyrinntektene på oppmålingssaker var ved slutten av året om lag i samsvar med budsjett. Ansvarsområdet totalt sett gav eit mindre-forbruk på kr 92 744.

| Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| Sakshandsaming | | | | |
| Nye bustader el. tilb./Nye fritidsbyggel. tilbygg | 64 | 70 | 89/18 | 55/11 |
| Ferdigattestar/mellombels bruksløyve | 105 | 69 | 82 | 78/11 |
| Oppmålingssaker/krav om retting i matrikkelen | 85/20 | 106/21 | 94/30 | 100/19 |
| Vedtekne reguleringsplanar | 8 | 8 | 4 | 8 |
| Planar under arbeid | 14 | 9 | 9 | 7 |
| Produksjonstilskot per søknadsomgang | - | - | - | 380 |
| Region. Miljøprogram | 189 | 196 | 197 | 216 |
| Innovasjon Noreg | 10 | 11 | 13 | 19 |
| Miljøtiltak landbruk/skogbruk, tal saker | 37/12 | 30/18 | 24/12 | 36/29 |
| Jordlovsaker | 13 | 19 | 8 | 8 |
| Landbruksvegar, handsama saker | 12 | 22 | 10 | 16 |

Nøkkeltal for eininga seier noko om saksomfanget og endringar frå år til år på nokre område, men seier ikkje noko om total arbeidsmengde. Det blei handsama 41 nye bueiningar i 2017 og er ein betydeleg nedgang frå i fjor. Mange større og mindre reguleringsplanar er nå vedtekne, sjå både nøkkeltal og liste over pågåande kommunale oppgåver.

Landbruket i Vindafjord opprettheld produksjonen, men ser generelt at tal produksjonssøknadar går ned. Søknads-systemet er lagt heilt om og det er nå endra frå 2 til 1 søknadsomgang i året. Det er difor ikkje mogleg å samanlikna med tidlege år direkte. Innovasjon Norge har gitt ekstra midlar til gjødsellager for 2017 og 10 saker i Vindafjord på det gir høge tal i år. Tilskot til miljøtiltak i landbruk/skogbruk har i fleire år vore god, og då særleg i 2014 og 2015. Det er nå mindre midlar til dei ordinære miljøtiltaka i landbruket, men langt fleire grøftetilskotsmidlar og difor høgt tal saker også i 2017. Vindafjord fekk i 2017 inn mange søknadar og fekk ekstramidlar til dette. Enorm auke i tilskot til miljøtiltak i skogbruket i 2017. God informasjon og rettleiing kan vera årsaka til at tal jordlovsaker går ned. Det er stor aktivitet på bygging av landbruksvegar.

| Strategiar og tiltak i 2017 - resultatvurdering | | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| 5.4.2.1 | Starta/ vidareføra og/eller sluttføra pågåande kommunale planoppgåver i samsvar med oversikta under. Sjå under | x | x | x | x |

| Strategiar og tiltak i 2017 Liste for strategi 5.4.1.1 | Ansvar | Status |
|---|---|---|
| Regionalplan for areal og transport på Haugalandet | FKR | Vedteken, plan med innvendingar også en-deleg vedteken i KMD. |
| Kystsoneplanen for Sunnhordland og Ytre Hardanger | FKH | Vedteken i Hordaland fylkesting 24.10.17 |
| Regionalplan for Havbruk -Rogaland | FKR | Vedteken av Rogaland fylkesting 13.06.17 |
| G/S veg Espelandsvingane | SVV | Vedteken, 20.06.17 |
| G/s-veg Sandeid – Lærdal | SVV | Vedteken 20.06.17 |
| Miljøgate Vikedal | SVV | Vedteken 19.12.17 |
| Kommuneplan | VK | Vedteken 20.06.17 |
| Endring og utviding av gravplass Ølen | VK | Vedteken 23.05.17 |
| Næringsområde Nerheim | VK | Ute til offentleg ettersyn haust 2017, fleire motsegner som det jobbast med. |
| Endring av bustadområde Søndenå | VK | Planutkast kom inn desember 2017. |

| Strategiar og tiltak i 2017 - resultatvurdering | | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| **5.4.2.2** | Utarbeida bustadanalyse<br>Arbeidar med anbodspapir som skal ut snarast | | x | x | |
| **5.4.2.3** | Omlegging av tilskotsrutinar, landbruk<br>Kontinuerleg arbeid for eit system i stor endring. Forvaltningskontroll frå Fylkesmannen i juni gav oss gode tilbakemeldingar på rutinar og praksis. | x | x | | |
| **5.4.2.4** | Pilotprosjekt klimaskog<br>Veldig mykje godt arbeid i haust har resultert i at det vil bli planta om lag 550 dekar innanfor klimaskogprosjektet i Vindafjord. Det praktiske arbeidet med rydding og tilplanting av dei utvalde flatene er nå under planlegging. Arbeidet skal utførast våren 2018 og heile prosjektet avsluttast juni 2018. | x | x | | |
| **5.4.2.5** | Oppfølging av vassdirektivet gjennom prosjekt Vatsvassdraget og handlingsdelen til hovudplan vatn og avløp<br>Gjennomfører nå intervjurundar av alle med miljøavtale rundt Vatsvassdraget og har oppretta ei gruppe med medlemmar både frå Kommunaltekniske tenester og Areal og forvaltning som skal følgja opp vassdirektivet. | x | x | x | X |
| **5.4.2.6** | Fornying av NMSK- plan<br>Vedteken haust 2017. | x | | | |
| **5.4.2.7** | Oppretta samarbeidsgrupper på tvers av fag for å få fram standardiserte rutinar og føresegner<br>Har sett i gong to prosjekt - matrikkelføringsprosjekt og adresseringsprosjekt. Ny rutinar og prosedyrar er på plass og sluttførast i 2017. | x | x | | |
| **5.4.2.8** | Forbetring av byggesakprosess med løysing for tilsynsarbeidet<br>Det er svært stort arbeidspress på byggesak og ser ikkje korleis ein kan løysa tilsynsarbeidet innafor ressursar som vi har i dag. Jobbar likevel stadig med betre saksflyt og fastsetjing av rutinar. | x | x | | |
| **5.4.2.9** | Samarbeida med Etne eller annan kommune om landbruksforvaltning.<br>Har teke initiativ til stormøte på heile Haugalandet for å sjå på moglege samarbeidsløysingar innan landbruksforvaltninga. Tilbakemelding frå dei andre kommunane vanskeleggjer dette arbeidet.. | | x | | |
| **5.4.2.10** | Driftsgjennomgang og effektivisering<br>Har ført til innsparing med ein 50 % merkantilstilling | x | x | | |

## 5.4.3 KOMMUNALTEKNISKE TENESTER

### Hovudtrekk oppgåver og drift 2017

Eininga omfattar drift, vedlikehald og utbygging av vegar, vatn- og avlaupsanlegg, og eigedomsforvalting, drift, vedlikehald og utbygging av kommunale bygg og grøntområde.

Tabellane nedanfor viser ei kort oppsummering av nokre av oppgåvene og/eller tiltak frå vedlikehaldsplanen som er utført. Lista er ikkje uttømmande. For informasjon om dei mange investeringsprosjekta eininga arbeider med, sjå kap 4 Investeringar.

Administrativt har året vore prega av arbeid knytt til dei store investeringsprosjekta til kommunen. Elles er det brukt mykje ressursar på arbeid knytt til skifte av straumleverandør, HIM si overtaking av slamtømming, nye krav frå Mattilsynet i samband med drift av vassverk og oppfølging etter tilsyn frå Miljøretta helsevern, i tillegg til dei meir vanlege oppgåvene med oppfølging av drift og vedlikehald, samt politiske vedtak.

Eininga har svært lågt korttidssjukefråvær, men har pga. eit par langtidssjukemeldingar ikkje nådd måltalet for sjukefråvær for 2017. Sjølv om arbeidsdagen til driftsoperatørane på vatn og avløp (VA) og fagarbeidarane på bygg inneheld risikoelement, er det minimalt med skader i eininga. Det er per 31.12 registrert 23 avvik under handsaming.

Fram til slutten av august var kommunalsjef mellombels einingsleiar for Kommunaltekniske tenester. Dette førte med seg endringar for rammeområdet, både i form av forskyving av arbeidsoppgåver og på oppfølging av prosjekt. Det har også vore periodar med vakansar blant driftsoperatørane. Eininga har difor i periodar hatt redusert kapasitet.

I 2017 vart Vindafjord kommune tildelt kr 1,464 mill i eingongstilskot til kommunalt vedlikehald. Desse har vore nytta til fleire tiltak som anten har venta svært lenge, ein har stort etterslep på området og/eller tiltaket gir enklare drift framover. Utførte tiltak er lista opp i tabellen lenger ned i teksten. I tillegg til det som står i tabellen er det også nytta tiltaksmidlar til å reparera mørke veglys og til å skrapa grusvegar.

**Veg:**

Lengda kommunal veg aukar, men auken i veglengd er ikkje følgt opp med tilsvarande auke i midlar til drift og vedlikehald. Store nedbørsmengder har ført til at ein har vore nøgd til å utføra akutte reparasjonar på fleire vegar. Det er stort etterslep på grøfting, årleg ettergrusing av grusvegar, reparasjon av kantstein og liknande, og kantar blir berre klypt ein gong pr år. For å halda kostnadane nede har ein m.a. måtta avgrensa reparasjonar av mørke veglys og presisert terskelen for kva tid brøytemannskap skal rykka ut. Ein har også avgrensa tømming av sandfang til dei mest sårbare.

Trass i tiltaka som er gjort er det store overskridingar på vegbudsjettet. Eininga mottek stadig klager på konsekvensane av den dårlege økonomien, og manglande ressursar medfører redusert trafikktryggleik i kommunen.

**Bygg:**

Eit svært stramt driftsbudsjett har gitt lite rom for større tiltak innan drift og vedlikehald. Ein har ikkje tilstrekkelege midlar til å få utført dei servicar som skal og bør gjerast, og i tillegg får ein ikkje retta opp dei avvik som blir meldt der ein har hatt service/tilsyn. Dei fleste tiltak som er utført i år er dekka av dei tildelte tiltaksmidlane. Som eit ledd i ENØK-arbeidet vert taklys ved Vindafjordtunet og Ølen omsorgssenter gradvis skifta ut med LED-belysning. På Vindafjordtunet er det også skifta fleire utelys.

**Vatn og avløp (VA):**

Arbeid med lekkasjesøk er eit prioritert område for drifta. Det er gjort fleire tiltak i Sandeid for å redusera lekkasjar ved å skifta gamle leidningsstrekk. Det er også montert ny vassmålar på vassverket. Totalt har ein i 2017 funne og reparert 17 vasslekkasjar, fleire av desse var store lekkasjar.

Det vert kontinuerleg arbeidd med å få kartlagt og innmålt leidningsnettet vårt, samt å forbetra informasjonen som allereie er registrert. Dette arbeidet er viktig i samband med lekkasjesøk, planlegging av nye prosjekt og for å kunna gi god informasjon til publikum og entreprenørar.

Investeringsprosjekta innan VA er i hovudsak samarbeidsprosjekt med Statens vegvesen, der me arbeider for å følgja deira framdriftsplanar for dei store utbyggingane som er under prosjektering i kommunen. Meir informasjon om dette er å finna i vedlegget kapittel 4 Investeringar



Ekstremvær opplever me oftare og oftare Foto: Vindafjord kommune

Vital og sentral

Bygg, eigedom, grøntområde, veg

Tiltak frå vedlikehaldsplanen er merka slik: V

Tiltak utført pga ekstra løyvde tiltaksmidlar er merka slik: T

| | Bygg / stad | Tiltak |
|---|---|---|
| V | Bufellesskapet | Utført El-kontroll |
| | Hauane | Utført El-kontroll |
| T | Imsland skule | Drenert og asfaltert skule/bhg-område |
| | Psykiatrisk dagsenter | Ny koketopp og kjølehjørna pga øydelagd av lynnedslag |
| T | Rådhuset | Ladestasjon for El-bil |
| T | Rådhuset | CO2-følar og opptrekksur kommunestyresal |
| | Sandeid brannstasjon | Montert adgangskontroll |
| | Seljebakken | Utført El-kontroll |
| | Skigelstrandvegen | Skifta stikkrenne |
| T | Skjold skule | Nytt golvbelegg arbeidsrom lærarar |
| V | Skjold skule | Oppgradert vaskerom |
| T | Steinslandsvegen | Grøfterensk |
| T | Stokkadalsvegen | Grusing |
| V | Vats Barnehage | Utført El-kontroll |
| T | Vats Barnehage | Sanert gamalt dusjanlegg |
| T | Vats skule | Nytt tak over skulekjøkken pga lekkasje |
| T | Vikedal kyrkje – kommunal p-plass | Kulestein i bed |
| T | Vikedal skule | Drenering uteområde |
| V | Vindafjordtunet | Utført El-kontroll |
| T | Vindafjordtunet | Skifta nødlys |
| T | Vindafjordtunet | Skifta gamle toalett/vaskar |
| | Vindafjordtunet | Reparasjon av avvik etter service på sprinkleranlegg |
| | Vindafjordtunet | Vedlikehald motor/reimverk på eldre ventilasjonsanlegg |
| | Vindafjordtunet | Bårerom – oppgradering av aggregat |
| T | Vågen skule | Nye stokkar rundt turnbasseng, etterfylt med furubark |
| T | Øklandsvegen | Grøfterensk |
| T | Ølen gymbygg | Veg rundt bygg for enklare vedlikehald |
| T | Ølen gymbygg - symjehall | Installert nauddusj ifbm handtering av klor |
| | Ølen omsorgssenter | Utført El-kontroll |
| | Ølen omsorgssenter | Reparasjon av brannsentral |
| T | Ølen sentrum - kommunal p-plass | Kulestein i bed |

| Vatn og avløp | Tiltak |
|---|---|
| Vats | Reparert overvassslekkasje inn i spillvassskum på Knapphus |
| Raunes | Oppgradert vasskum. Montert overvassskum |
| Sandeid | Bygd nytt overbygg/hus til trykkaukestasjon Østbøfeltet |
| Sandeid | Pumpestasjon Elvetongjen – nytt ventilasjonsanlegg |
| Sandeid | Skifta vassleidning over bru og sett opp ny kum på Forehaugsvegen |
| Vikebygd | Montert ny vasskum på Kvamme |
| Ølen | Oppgradert pumpestasjon i Osen |

## Økonomi

Eininga låg tidleg an til overforbruk, og ein har gjort tiltak for å retta dette i løpet av året. Likevel, og trass i store ekstra-inntekter, står ein igjen med eit betydeleg underskot på kr 734 922 ved årsslutt (både Kommunalteknisk og VA-området).

Veg

Overskridingane kjem i hovudsak pga. at budsjettet ikkje gjenspeglar faktisk kostnadsnivå. Kostnadar til vintervedlike-hald og straum er høge. Resultatet er eit overforbruk på 13%. Været spelar sterkt inn og gir eit uføreseieleg kostnads-bilde som raskt endrar seg.

Bygg

Eininga har 1 000 000,- mindre i driftsmidlar i 2017 enn i 2014 og 2015 ettersom «vedlikehaldsmillionen» frå desse åra ikkje vart vidareført. Kombinert med høg prisvekst gjer dette at ein har vore nøydd til å leggja seg på eit svært lågt drifts - og vedlikehaldsnivå i 2017. Eininga har, som i 2016, hatt store ekstrautgifter knytt til husleiger i samband med overta-king av bustad(ar) i Vikedalstunet og leige av brannstasjon på Sandeid. Dette, i tillegg til høgare straumkostnadar og høge kostnadar i samband med MRSA, fører til eit driftsunderskot for området. Noko av underskotet vert dekka av større leigeinntekter frå Dommersnes og høgare husleigeinntekter enn budsjettert, men likevel står eininga igjen med eit overforbruk på 14% for bygg.

Vatn og avløp

Både vatn og kloakk har betre resultat enn budsjettert. Udekka kostnadar for vatn frå 2016 (memoriakonto) vert dekka av årets overskot.

| Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| Lengde kommunale vegar, lm | 98 560 | 101 984 | 102 306 | 102 646 |
| Areal kommunal bygningsmasse eks. VA | 63 402 | 63 784 | 62 586 | 62 586 |
| Produsert vatn kommunale vassverk, m3 | 1 312 078 | 1 207 004 | 1 282 000 | 1 320 983 |
| Straumforbruk kommunale bygg, kWh | 9 507 943 | 9 983 895 | 10 325 110 | * |
| Fornya vassleidning, lm | 570 | 560 | 2 430 | 545 |
| Vassabonnentar | 1 889 | 2 186 | 2 206 | 2 280 |

*Har ikkje tal på forbruk pga. skifte av straumleverandør.

| Status pr. 31. desember for strategiar og tiltak i 2017 | | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| 5.4.3.1 | Få ned lekkasjeprosent<br>17 lekkasjar er reparert til nå i år. Berekna vasslekkasje er totalt 43%. Dette vert innrapportert til Mattilsynet. | x | x | | |
| 5.4.3.3 | Leggja inn Vindafjordtunet og Ølen omsorgssenter i FDV program | | x | | |
| 5.4.3.4 | Alle helsebygg i FDV programmet | | | x | |
| 5.4.3.5 | Skule og bhg i FDV programmet | | | | X |
| 5.4.3.8 | Driftsgjennomgang og effektivisering<br>Sjå rammeområde | x | | | |
| 5.4.3.9 | Auka stilling VAR med 40%<br>Tilsetjing gjennomført | x | | | |

# 5.4.4 REINHALD

## Hovudtrekk oppgåver og drift 2017

Eininga har 38 tilsette fordelt på 25 årsverk totalt fordelt på administrasjon (1,1 årsverk), vaskeri (1,35 årsverk) og ordinært reinhald (22,55 årsverk).

Tenesteområdet utfører dagleg periodisk- og hovudreinhald på alle kommunale bygg, samt reinhald av gongar og fellesareal i ein del utleigebustader. Totalt utgjer dette eit areal på rundt 50 000 m2.

Eininga kontrollerer kommunale leilegheiter ved utflytting, og reingjer desse om nødvendig.

Noko av reinhaldet vert økonomisk fordelt mellom kommune og stat/fylke. Eininga sel reinhaldstenester til nokre eksterne byggeigarar.

Vaskeriet ligg på Vindafjordtunet. Her blir privattøy til bebuarane på begge omsorgssentra vaska, i tillegg til dyner, puter, gardiner, dukar, mm. Reint/skittent tøy blir frakta mellom Ølen omsorgssenter og Vaskeriet 2 dagar i veka. I løpet av 2017 har ein del utstyr på Vaskeriet blitt oppdatert.

## Økonomi

Årsregnskapen viser eit overskudd på kr 405 662. Dette til tross for at eininga har måtta hatt reinhald i helgene på Ølen omsorgssenter frå mai månad, og auka mengde tøy på Vaskeriet grunna MRSA.

Eininga har prøvd å spara på inntak av vikarar så godt det lar seg gjera, ved sjukdom og ferieavvikling. Leiar er delaktig i vikariat, eller som hjelp ved større reinhaldsoppgåver.

**Hms**Eininga har hatt eit sjukefråvær på 7,5 % i 2017. Det meste av sjukefråværet skuldast belastningsskader, men også lang ventetid i helsevesenet for vidare behandling. Eininga har bede om nokre arbeidsplassvurderingar, og tilrettelagt i forhold til forslaga gitt av bedriftshelsetenesta.

**Utfordringar**

- Rekruttera nye norsktalande medarbeidarar med fagkompetanse.
- Halda reine «grå soner» t.d. luftekanalar, lysarmatur og vindauge i høgda, liggjande panel osv.
- God nok framkomst for maskinelt arbeid.
- Handtering av smittetøy ved Vaskeriet på Vindafjordtunet. Tungt system og dårleg plass for utviding.

**Mål, strategiar og tiltak for 2018 – resultatvurdering**

- Leggja til rette for eit godt arbeidsmiljø og «god takhøgd» mellom medarbeidar og leiing.
- Ergonomikurs for alle reinhaldarar
- Tilretteleggja best mogleg for å prøva å halda sjukefråværet nede.
- Forbetra system for handtering av tøy på Vaskeriet, og laga klart for montering av barrieremaskin årsskifte 2018/2019.



# 5.4.5 BRANN OG REDNING

## Hovudtrekk oppgåver og drift 2017

I 2017 har det vore langt fleire store bygningsbrannar enn vanleg. To bustadbrannar, kyrkjebrann og brann i kylling-klekkeri skjedde alle innafor kalenderåret 2017. I tillegg har det vore nokre mindre utmarksbrannar, pipebrannar og brann i kjøretøy. Søndag 5. mars var særs krevande, då det var to bygningsbrannar og ein pipebrann i løpet av same døgn. God strategisk leiing og disiplin i forhold til å klargjera utstyr for nye beredskapsoppgåver gjorde at hendingane vart handtert på ein svært god måte.

Arbeidet med å betra HMS-forholda for innsatsmannskap og feiarar har halde fram gjennom 2017.

Brann og redning har sett av lite ressursar til brannførebyggjande arbeid. Dette er bekymringsverdig. Det er i perioden gjort fortløpande vurderingar og prioriteringar av førebyggjande arbeid sett opp mot arbeid med beredskap og økonomiske omsyn.

## Økonomi

Det har gjennom heile året vore stort fokus på kostnadskontroll. Utdanning av innsatsmannskap og førebyggjande arbeid er nedprioritert for å halda kostnadsnivået nede. Begge delar er uheldig over tid, men vurdert som nødvendig i 2017 for å halda kostnadsramma.

| Nøkkeltal tenesteyting og kvalitet | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|
| Skarpe utrykkingar | 38 | 35 | 51 | 36 |
| Tilsyn – brannobjekt / aktuelle brannobjekt | 55/67 | 29/67 | 18/67 | 10/67 |
| Feiing bustad | 1053 | 1716 | 1151 | 1541 |
| Tilsyn bustad | 1137 | 865 | 567 | 710 |

| Prioriterte strategiar og tiltak i planperioden | | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| **5.4.5.1** | Leggja om til behovsprøvd feiing<br>Under arbeid | x | x | | |
| **5.4.5.2** | Inngå i felles IKS på Haugalandet – oppstart oktober 2017<br>Planlagt oppstart er sett til første halvår 2018. Brannsjef er tilsett og det vert arbeid aktivt med alle sider av pro-sjektet | | x | | |
| **5.4.5.3** | Auke til drift etter driftsgjennomgang januar 2016.Gjennomført i tråd med budsjettvedtak 2017 for å halda kostnadsramma | | | | |



Demonstrasjon av brannslukking Foto:Vindafjord kommune

# Glimt frå året som gjekk:



Opning av ny tømmerkai,Vikedal



Nyttårsbarnet 2017



Pølsegrilling i barnehagen




Talet på førehandsrøyster auka også 2017



Aktivitetsdag på Ølen skule

Alle foto : Vindafjord kommune

Vital og sentral




Velkomen til Helsestasjonen




'Ut på tur' er populært tiltak



Lærlingane er viktige for framtida.
Ida har avlagt fagprøve i kontorfag



Godt humør går ikkje ut på dato.



Kulturskuleinnslag er alltid populært

Vital og sentral

# Vedlegg 1. Finansielle nøkkeltal.

## A1. Konsern - Finansielle nøkkeltall og adm, styring og fellesutg - nøkkel-tall

| | 1160 Vindafjord 2016 | 1160 Vindafjord 2017 | Kostra gr 11 2017 | Rogaland 2017 | Landet u/Oslo 2017 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Finansielle nøkkeltal bevilgningsregnskap, kommune** | | | | | |
| Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | -0,7 | 5,4 | 2,4 | 2,3 | 3,0 |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | 0,4 | 6,5 | 2,6 | 4,7 | 3,7 |
| Overskudd før lån og avsetninger i prosent av brutto dr innt | -3,8 | 3,5 | -2,9 | -1,9 | -2,3 |
| Netto finans og avdrag i prosent av brutto driftsinntekter | 1,9 | 1,9 | 3,9 | 2,3 | 3,8 |
| Netto avdrag i prosent av brutto driftsinntekter | 3,1 | 3,0 | 3,3 | 3,8 | 3,4 |
| Netto finans i prosent av brutto driftsinntekter | -1,2 | -1,1 | 0,6 | -1,5 | 0,4 |
| Årets mindreforbr/merforbr i driftsregnsk i pr av brt driftsinnt | 0,5 | 2,7 | .. | .. | .. |
| Årets udisponert/udekket i invest regnsk i pr av brt driftsinnt | 0,0 | 0,0 | -0,3 | 0,0 | -0,1 |
| Mva-komp påløpt i invest regnsk i prosent av brutto driftsinnt | .. | .. | .. | .. | .. |
| Mva-komp påløpt i driftsregnsk i prosent av brt driftsinnt | 1,9 | 1,9 | 2,1 | 1,9 | 2,0 |
| **Finansielle nøkkeltal balanseregnskapet, kommune** | | | | | |
| Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter | 7,7 | 8,5 | 6,5 | 12,2 | 10,0 |
| Akk regnskapsmessig merforbr i prosent av brt dr innt | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,1 |
| Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brt dr innt | 23,6 | 25,4 | 16,5 | 22,6 | 22,3 |
| Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter | 60,3 | 55,7 | 85,8 | 73,2 | 83,6 |
| Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter | 187,6 | 178,4 | 225,3 | 204,5 | 214,9 |
| - herav Pensjonsforpliktelse i prosent av brutto driftsinntekter | 121,3 | 117,6 | 124,9 | 106,5 | 113,9 |
| **Finansieringskilder for investeringer, kommune** | | | | | |
| Overføring fra driftsregnskapet i prosent av brt invest utg | 9,4 | 11,4 | 1,4 | 9,2 | 4,6 |
| Tilskudd, refusjoner, salgsinnt m.v. i pr av brt invest utg | 45,7 | 39,8 | 32,5 | 36,4 | 34,3 |
| - Herav salg av fast eiendom | 9,9 | 1,9 | 3,6 | 7,5 | 7,2 |
| Diverse intern finansiering i prosent av brutto invest utg | -3,3 | 8,7 | 4,0 | 0,8 | 2,9 |
| - Herav udekket/udisponert i investeringsregnskapet | 0,0 | 0,0 | 2,5 | 0,2 | 1,1 |
| Bruk av lån (netto) i prosent av brutto investeringsutgifter | 47,3 | 40,1 | 62,0 | 42,6 | 56,9 |
| - Herav aksjer og andeler | -1,7 | -2,9 | -3,6 | -1,9 | -3,7 |
| **Brutto driftsinntekter fordelt på inntektskilder, kommune** | | | | | |
| Skatt på inntekt/formue (inkl naturress skatt) i pr av brt driftsinnt | 34,1 | 39,6 | 27,0 | 39,1 | 33,2 |
| - herav Naturressursskatt i prosent av brutto driftsinntekter | 0,0 | 0,0 | 0,2 | 0,2 | 0,3 |
| Statlig rammeoverføring i prosent av brutto driftsinntekter | 36,5 | 29,8 | 33,4 | 27,7 | 30,6 |
| Andre statlige tilskudd til driftsformål i prosent av brt driftsinnt | 2,3 | 2,4 | 6,4 | 4,1 | 4,9 |
| Eiendomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter | 2,4 | 2,9 | 3,6 | 3,1 | 3,2 |
| - herav eiendomsskatt på annen eiendom | 1,2 | 1,2 | 1,4 | 1,9 | 1,5 |
| - herav eiendomsskatt på boliger og fritidseiendommer | 1,2 | 1,7 | 2,3 | 1,2 | 1,7 |
| Salgs- og leieinntekter i prosent av brutto driftsinntekter | 10,2 | 9,6 | 13,2 | 13,6 | 14,0 |
| Andre driftsinntekter i prosent av brutto driftsinntekter | 14,5 | 15,7 | 16,4 | 12,4 | 14,1 |
| **Nøkkeltal i kroner pr innbygger, kommune** | | | | | |
| Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger | 80 630 | 81 833 | 89 027 | 77 234 | 81 540 |
| Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per innbygger | 67 927 | 70 216 | 73 234 | 63 025 | 66 271 |
| Netto driftsutgifter i kroner per innbygger | 60 818 | 59 840 | 60 926 | 56 036 | 57 073 |
| Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger | 80 044 | 86 491 | 91 225 | 79 050 | 84 044 |
| Netto driftsresultat i kroner per innbygger | 358 | 5 645 | 2 403 | 3 733 | 3 116 |
| Frie inntekter i kroner per innbygger | 56 507 | 59 999 | 55 114 | 52 769 | 53 601 |
| Netto lånegjeld i kroner per innbygger | 48 228 | 48 193 | 78 228 | 57 848 | 70 222 |
| Pensjonsforpliktelse i kroner per innbygger | 97 085 | 101 681 | 113 916 | 84 160 | 95 691 |

| | 1160 Vindafjord 2016 | 1160 Vindafjord 2017 | Kostra gr 11 2017 | Rogaland 2017 | Landet u/Oslo 2017 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Brutto driftsutgifter fordelt på utgiftsområder, kommune** | | | | | |
